

# Årsrapport 2009



Frå vigslina av biskop Halvor Nordhaug 8. mars 2009. Foto: Svein Tøsse

Saman vil vi ære Den treeinige Gud  
- ved å forkynne Kristus, byggje kyrkjelydar, fremje rettferd



BJØRGVIN BISKOP OG  
BJØRGVIN BISPEDØMERÅD




# Innhold

<b>1. 1 BREI VURDERING AV DEN KYRKJELEGE SITUASJONEN I BJØRGVIN BISPEDØME</b> .....	<b>1</b>
<b>1. 2 TILSTANDSVURDERING UT FRÅ STRATEGIAR</b> .....	<b>4</b>
Kyrkjeleg statistikk .....	4
Medlemskap .....	4
Innmeldingar og utmeldingar .....	4
Kyrkjelege handlingar .....	5
Sjømannskyrkja / Norsk kyrkje i utlandet.....	5
Bispeskifte og stiftsturné.....	5
Born og unge og trusopplæring.....	6
Ungdom og lokaldemokrati.....	7
Misjon.....	7
Diakoni .....	8
Rett til å praktisera si tru .....	8
Forbruk og rettferd .....	9
Pilegrimsarbeidet.....	11
<b>2. KYRKJELEG SEKTOR – TILSTANDSVURDERING I LYS AV RESULTATMÅLA</b> .....	<b>11</b>
2.1 Kyrkjeleg demokrati.....	11
2.2 Trusopplæring .....	13
2.3 Gudstenesteliv .....	14
2. 4 Organisasjonsutvikling.....	15
2. 5 Diakoni .....	16
2. 6 Kyrkjemusikk .....	17
<b>3. PRESTETENESTA</b> .....	<b>17</b>
3. 1 Geistleg personale .....	17
3. 2 Lokale tilhøve og utfordringar .....	19
3. 3 Kompetanseutvikling .....	19
3. 4 Likestilling .....	21
3. 5 Arbeidsvilkår .....	21
3. 6 Leiing og samvirke.....	21
<b>4. FORVALTNING</b> .....	<b>22</b>
4. 1 Tilskotsforvaltning .....	22
4. 2 Økonomiforvaltning .....	22
4. 3 Miljøarbeid .....	23
4. 4. Bispedømekontoret.....	23
4.5. Forvaltning knytt til kyrkjer og kyrkjegardar.....	24
4. 6 Bispedømerådet.....	25
<b>VEDLEGG</b> .....	<b>27</b>

# 1. 1 Brei vurdering av den kyrkjelege situasjonen i Bjørgvin bispedøme.

## Møte med Bjørgvin

Den 8. mars 2009 vart eg vigsla som ny biskop i Bjørgvin. Dagen vart ei overveldande oppleving av å vere ønska varmt velkommen både av kyrkjelydane, prestane og dei andre medarbeidarane i kyrkja, samt av representantar for styresmakter og samfunnsliv på brei front. Denne gode mottakinga har vart ved også i tida etterpå der eg har vore rundt i bispedømet på gudstenester, stiftsturné, kyrkjejubilé og eit breitt utval andre arrangement av ymse slag. For denne velkomsten er eg svært takksam.



Kva særpregar Bjørgvin bispedøme? Eg vil peike på dei store trekk i biletet, slik dei trer fram for meg som kom reisande over fjellet frå strøka rundt hovudstaden. Då er det særleg tre ting som spring meg i auga:

## 1. Dei mange ulønna medarbeidarane

Både i byen og på bygda er det ein stor flokk av ulønna medarbeidarar som er med og driv arbeidet i kyrkjelyden. Samanlikna med dei strøka eg kjem frå, er engasjement og tiltakslysta påfallande stor. Dette verkar å gjelde ikkje berre i kyrkjeleg samanheng men òg innan t.d. idrett og kultur.

Vestlandet har ein sterkt tradisjon for dugnad og friviljug innsats som framleis er livskraftig. Soleis melder prosten i Vesthordland at talet på registrerte ulønna medarbeidarar innan gudstenesteliv og ungdomsarbeid i hans prosti til saman har stige frå 523 i 2008 til 715 i 2009. Dette er sterke tall som gjer grunn til glede. Men det høyrer også med i biletet at nokre kyrkjelydar opplever at det er tyngre å hente inn ulønna medarbeidarar no enn tidlegare.

## 2. Ei levande folkekyrkje med indre spenningar.

Det kan vere at eg som biskop lett får eit noko rosenraudt bilete av forhold i kyrkjelydane fordi eg helst dukkar opp på særskilde festdagar. Likevel trur eg det er rett at oppslutninga om kyrkja jamt over er sterk og ganske ålmenn. Eg er kjend med at det mange stader har vore ein viss motsetnad mellom dei kyrkjelege kjernetroppane og den breie folkekyrkja, ikkje minst der vekkinga og bedehuset har prega kulturen. Men det verkar som om denne spenninga no er bygd ned frå folkekyrkja si side. Truleg heng dette saman med at bedehuskulturen ikkje fremjar dei same krav om tru og livsstil som tidlegare. Samstundes møter eg også representantar for bedehusa som er uroa over utviklinga i Den norske kyrkja. Denne uroa har blitt sterkare dei siste åra og kom i 2009 mellom anna til uttrykk ved at Indremisjonsforbundet valde å opne eit register for alternativt kyrkjemedlemskap, og soleis stå fram som eit eige kyrkjesamfunn.

### **3. Eit godt tilhøve mellom kyrkje og kommune.**

Igjen kan det vere at eg har fått eit vel optimistisk bilete av tilhøva, men eg trur likevel det må vere rett å seie at forholdet mellom kyrkja og kommunane i all hovudsak er godt. Eg har møtt mange ordførarar og andre politikarar som klårt gjer uttrykk for at dei ser på kyrkja som ein verdfull aktør når det gjeld å byggja opp lokalmiljøet, ikkje minst for barn og ungdom. Sjølv om økonomien til kommunane mange stader er svak, ønskjer dei likevel å bidra til at kyrkja har gode rammevilkår for sitt virke. Samstundes syner også tala for 2009 at det vert halde 2 % færre gudstenester i høve til 2008, og dette skuldast i hovudsak at fellesråda i kommunane får tildelt trongare rammer no enn tidlegare.

#### **Ny visjon for Bjørgvin**

Då min forgjengar, Ole D. Hagesæther, kom til Bjørgvin, hadde han med seg ein flott visjon som han gav til bispedømet: "Saman vil vi gjere Kristus kjent, trudd, elska og etterfølgd". Denne visjonen har mange i Bjørgvin blitt glade i, og den har gjennom fleire år peika ut ein kurs der Kristus og livet med han vart sett i sentrum. Men alt har si tid, og ingen visjon kan seie alt. Etter litt fram og tilbake kom eg til at eg ville innby bispedømet til å leggje ein meir omfattande, trinitarisk visjon til grunn for sitt virke, og la fram følgjande formulering:

**"Saman vil vi ære Den treeinige Gud – ved å forkynne Kristus, byggje kyrkjelydar, fremje rettferd."**

Denne visjonen har vorte godt motteken i bispedømet og bispedømerådet valde då også å gjere den til bispedømet eigen i åra som kjem.



**Biskop Halvor Nordhaug presenterer visjonen på Stiftsturné i Sunnhordland (Foto: Lars Ove Kvalbein)**

I løpet av 2010 vil vi i Bjørgvin utvikle ein strategiplan ut frå denne visjonen. I arbeidet med denne planen vil vi freiste å få med mange i ein prosess. Eg vonar at vi vil ende opp med ein plan som maktar å peike på breidda i kyrkja sitt engasjement, samstundes som dei ulike elementa vart haldne saman på ein god måte. Særleg er eg oppteken av at den heilt naudsynte kampen for å fremje rettferd og ei berekraftig utvikling for heile skaparverket ikkje får som følge at forkynninga av Kristus og hans frelsesverk vert nedtona. Det kan lett skje, men i så fall mister kyrkja si sjel.

#### **Eit engasjerande gudstenesteliv**

Gudstenesta vil alltid vere sentral for kyrkja. Dette handlar om det som er sjølv overskrifta i vår visjon: "Saman vil vi ære Den treeinige Gud". Gudstenesta har ikkje si djupaste grunngeving i oss og vår oppleving av kva som kjennest interessant og oppbyggeleg, men i Faderen, Sonen og Anden og den æra vi skuldar den treeinige Gud og den fellesskapen vi står i med Gud og med kvarandre.

Arbeidet med å fornye gudstenesta har stått i fokus dette året. Framlegget til ny ordning for gudstenesta har vore ute til høyring. Fleire kyrkjelydar i Bjørgvin har prøve ut heile eller deler av nyordninga med varierende utbytte. Etter ein omfattande prosess sende bispedømerådet frå seg ein sær lang og tung uttale,

visstnok den lengste av alle som kom inn til Kyrkjerådet. Vi slutta oss til prinsippa om eit inkluderande, fleksibelt og stadeige gudstenesteliv, men peika samtidig på at talet på valfrie ledd i ordninga måtte skjerast ned. Samtidig måtte tekstane bli betre både språkleg og teologisk. Framfor alt var vi opptekne av å styrkje omtalen av Kristi frelsesverk, særleg ved nattverden og dåpen.

### **Presteskapet**

Eg er imponert over prestane her i Bjørgvin. Det er både kvalitet og engasjement i arbeidet deira. Framfor alt gler eg meg over ei klar forkynning av evangeliet om Guds frelse i Kristus. Eg ser også at svært mange legg for dagen ein stor arbeidsinnsats. Gjennom KIFO-rapporten "Prest i Bjørgvin", som vart lagt fram i 2009 og drøfta med prostane, tillitsvalte og verneomboda har vi vunne meir nøyaktig kunnskap om arbeidstilhøva for prestane i Bjørgvin. Generelt viser funna at ordningane med beredskap, ferie og fritid som har vorte innført dei siste 10 åra, har betra arbeidsvilkåra for prestane. Like fullt er det trong for å setje inn tiltak for å betre arbeidsvilkåra, m.a. gjeld det tiltak for å tilpasse prestenesta dei ulike livsfasane.

Kyrkja lid under for knappe løyvingar frå Staten til prestenesta. Målt opp mot dei andre nordiske folkekyrkjene har Den norske kyrkja ei altfor låg prestedekning i forhold til medlemstalet. Dette tilhøvet må endrast. Det er likevel naudsynt å sjå på korleis vi best kan forvalte dei midla som i den noverande situasjonen står til vårt rådvelde. Dette skjedde då også i 2009 gjennom ei arbeidsgruppe som drøfta fordelinga av prestestillingane i Bjørgvin sett i høve til endringar i busetting og folketal i bispedømet. I løpet av 2010 vil bispedømerådet ta stilling til rapporten frå arbeidsgruppa. Men det kan neppe vere tvil om at området rundt Bergen på eit særleg vis lid under manglande prestedekning.

### **Born og unge**

Trusopplæringsreforma har i forsøksfasen ført med seg ei sterk vitalisering av kyrkja sitt barne- og ungdomsarbeid i dei kyrkjelydane som har vorte utvalde. Reforma har no gått over i gjennomføringsfasen der det etter kvart vert gitt regulære løyvingar til drift i alle prostia i heile landet. Frå Bjørgvin er førebels berre Fana og Nordfjord inne her. Vi vonar at fleire av våre prosti kjem inn i 2010. Det er grunn til å vente seg mykje av denne reforma, men samstundes er det liten tvil om at ho vil krevje mykje ekstra arbeid av både lønna og ulønna medarbeidarar. Ikkje minst prestane vert utfordra til å yte ein innsats, som for mange kjem oppå eit fullt sett med arbeidsoppgåver.

Tross sine mange gode sider ser det ser likevel ut som om trusopplæringsreforma berre i liten grad maktar å nå ungdom etter konfirmasjonen. Fasen mellom 15 og 18 år er avgjerande for framtidig kurs i livet. Då er det leit at det er nett i disse åra at vi mister kontakten med fleirtalet av dei unge. Eg er overtydd om at denne aldersgruppa må komme i fokus for kyrkja på eit sterkare vis. Det er grunn til å glede seg over at Kyrkjemøtet i 2009 har teke opp eit arbeid med sikte på å styrkje kontakten med dei mellom 18 og 30 år. Men det er i åra frå 15 til 18 at det glipp for dei fleste.

Etter innsettingsgudstenesta i Domkyrkja vart eg spurd av nokre journalistar om kva eg særleg ville satsa på som biskop. Då svara eg: "Dei unge". Det svaret kom nok litt impulsivt, men eg trur likevel det var eit godt svar. Ole Hagesæther løfta på ein særleg måte fram barna i sin bispetid, og gjorde 2003 til "barnas år". Det var ei klok og rett satsting som mange i dag er takksame for. Men desse barna veks opp. Vi må vere til stades i livet deira også i dei viktige åra inn mot det vaksne livet.

*Biskop Halvor Nordhaug*

## 1. 2 Tilstandsvurdering ut frå strategiar

### Hovudmål

*Den norske kyrkja skal vera ei landsdekkande, lokalt forankra kyrkje, som inviterar menneske i alle aldrar og livssituasjonar til tru og fellesskap. Kyrkja skal bidra til å styrkja lokalsamfunn, målbera menneskeverdet og utfordra til solidaritet. Den norske kyrkja skal vera ei bekjennande, misjonerande, tenande og open folkekyrkje.*


### Styringsparameter

*Oppslutninga om Den norske kyrkja (medlemmer, kyrkjelege handlingar mv.)*

### Kyrkjeleg statistikk

Det er samla inn førebels tal for 2009 frå prostane, men desse er ikkje kvalitetssikra frå SSB, difor vert desse berre brukt til å kommentera tendensar i forhold til 2008.


#### Gudstenestedeltaking - snitt



Som ein ser av grafen for 10-årsperioden 1999-2008 ovanfor, har gudstenesteframmøtet vore relativt stabilt, men med ein svak nedgang. Nivået på nattverdsøkinga er relativt stabilt. Frammøtet på kvardagsgudstenester har svinga meir, det er naturleg fordi det er mange ulike gudstenester som er i den kategorien. I 2009 viser førebels tal ein

oppgang på 4 prosent deltaking på andre gudstenester sjølv om det er ein nedgang i talet på desse gudstenestene på 2 prosent.

#### Talet på gudstenester




Dei førebels tala samanlikna med førebels tal frå i fjor tyder på ein nedgang i talet på gudstenester på om lag to prosent. Fleire prostar peikar i sine årsmeldingar på økonomien i fellestråda som årsak til at det er færre gudstenester. I nokre prosti kan organiseringa av prestetenesta ha ført til nokre få færre gudstenester fordi den økonomiske situasjonen ikkje tillet eksterne vikarar.

### Medlemskap

Björgvin hadde 1.1. 2009 eit medlemstal på 492 052, det er 85,4 av folketalet, noko som er ein nedgang på ein prosent sidan 2008

### Innmeldingar og utmeldingar



Det er i fylgje dei førebels tala auke både i innmeldingar og utmeldingar. Det er rimeleg å tru at dette har samanheng med kyrkjevalet og utsending av valkort. Talet på utmeldingar steig til om lag 1290 etter ein nedgang til 755 i 2008, dette er ikkje ein dramatisk auke med tanke på all den mediefokusering det var på feil i medlemslister. Det kan òg vera at valet har ført til at ein del som vil vera medlem har tatt steget og meldt seg inn, for talet på innmeldingar som i mange år har lege stabilt rundt 100 pr år, steig til om lag 205 mot 110 i 2008.

## Kyrkjelege handlingar

I 2008 vart 5830 døypte i Bjørgvin, det utgjer ein dåpsprosent på 77,9 etter at ein fleire år på rad hadde hatt ein dåpsprosent på 83-84. Førebels tal på døypte i 2009 er så og seie det same som i 2008, men det er for tidleg å seie noko om dåpsprosenten.

I 2007 vart 6129 konfirmerte, ein konfirmasjonsprosent på 78,6. I 2008 var det ein nedgang til 5892 konfirmantar og 74,6 prosent. Førebels tale for 2009 er høgare, om lag 6070, det gjev i så fall ein auke igjen i konfirmasjonsprosent til minst 2007-nivå. (81 prosent i forhold til 8.klassingar i 2008)

Vigselstala er stabile, men med store lokale variasjonar. Etter ein nedgang i 2005 har tala vore relativt stabile og variert mellom 1240-1300. Dei førebels tala tyder på at etter ein oppgang dei to siste åra er ein ned på 2006-nivå med om lag 1240. Domprostiet har hatt 53 færre vigslar i 2009 enn 2008, men melder at det alt no er bestilt fleire vigslar til 2010 enn det var i heile 2009, så det tyder på årlege variasjonar. Andre prosti melder om tydeleg auke i talet på vigslar, så det er ikkje noko som tyder på at det er blitt mindre populært med kyrkjeleg vigsel dette året.

## Sjømannskyrkja / Norsk kyrkje i utlandet

Nordmenn i utlandet etterspør sjømannskyrkja sine tilbod som aldri før, men avgrensa ressursar gjer at organisasjonen strevar med å møte eit stadig aukande behov frå utanlandsnordmenn. Dei mest besøkte sjømannskyrkjene er Gran Canaria (93 212), Costa del Sol (55 941) og Alicante (44 145). Dei siste fem åra har Sjømannskyrkja gått på stadig fleire sjuke-, heime- og fengselsbesøk. Denne auken held fram i 2009. 768 204 var i kontakt med sjømannskyrkjer verda over mot 763 523 i 2008.

Både gudstenestebesøket og talet på nattverdgjester held same nivå som dei siste åra, men litt under rekordåret 2008. Når det gjeld gudstenestedeltaking, er dei mest populære sjømannskyrkjene Alicante (11 327), Gran Canaria (11 275) og Stockholm (10 555).

Gudstenestedeltakinga for alle sjømannskyrkjene har stabilisert seg dei siste åra og er i år litt under toppåret i 2008 med 114 698 mot 115 336 i 2008.

## Bispekifte og stiftsturné

I 2009 fekk Bjørgvin ny biskop og det har prega året. Halvor Nordhaug vart utnemnd i november og innsett 8. mars i Bergen Domkirke.

Frå administrasjonen har det vore ein medviten strategi at dette året skulle brukast til å setja biskopen inn i tenesta og lata han verta kjent med bispedømet. I tida før sommarferien vart det lagt vekt på at han fekk møta viktige personar og institusjonar som prestekonvent, fylkesmenn, utvalde ordførarar, avisredaksjonar, kulturinstitusjonar m.m.

Det har ikkje vore vanlege visitasar i 2009. Biskopen prioriterte å møta kyrkjelydane prostivis. I samband med soknerådsvalet



vart den vanlege runden med sokneråds-kurs frå bispedømekontoret gjort om til ein inspirasjonsturné med mindre vekt på teknisk kursing. Målsetjinga var todelt. Fyrst at biskopen skulle få møta fotfolket i sokneråd og lokale stabar i alle 13 prosti og spreia bispedømet sin nye visjon. For det andre skulle turneen gje sokneråda kunnskap om trusopplæringsreforma, så det var tema for det andre hovudforedraget. I tillegg var medarbeidarar frå kyrkjefagseksjonen med og hadde seminar om faglege tema som diakoni, trusopplæring, kommunikasjon, grønne kyrkjelydar m.m. Evalueringane etter desse møta er gode og me vurderer det som ei rett prioritering.

## **Born og unge og trusopplæring**

### **Dei yngste**

Etter 5 år med særskilt satsing på trusopplæring for 0-4 års fasen ser vi at det er etablert mange gode tiltak for denne i gruppa i kyrkjelydane. Babysong har vore eit særleg populært tiltak som stadig fleire kyrkjelydar er i gang med. I kjølvatnet av babysongtilbod har det også vokse fram fleire knøttekor, og babysong har også rekruttert deltakarar til open barnehage. Kontakten med foreldra i samband med dåpen, er avgjerande for å skape gode relasjonar mellom heim og kyrkje og gode møtepunkt viser seg igjen i dei yngste si deltaking på kyrkjelyden sine tiltak.

Mange kyrkjelydar har utvida tilbodet til aldersgruppa 0-4 med til dømes markeringar av dåpsdagar (utdeling av cd, bøker el l), utvida tilbod i samband med utdeling av "Mi kyrkjebok", dåpsskule, søndagsskule etc. Tiltak og idéar frå prosjektfasen i trusopplæringsreforma blir også i aukande grad tatt opp av kyrkjelydar som enno ikkje har fått midlar. I snitt mottok 76% av alle 4-åringar i Bjørgvin 4-årsbok i 2009.

Bispedømerådet sitt regionale prosjekt "Gudsrikeleiken"/Godly Play vart avslutta i 2008, men har vist seg å vere levedyktig på eiga hand. I 2009 har ein gjennomført fleire kurs for instruktørar, både i Bjørgvin og utanfor bispedømet sine grenser. Parallelt med egne kurs vart 3-dagarskurset frå hausten 2009 del av ein modul i kyrkjelydspedagogutdanninga på Norsk lærarakademi, Sandviken, Bergen. Konseptet har blitt særst godt motteke i bispedømet og mange ynskjer kursing lokalt. Opplegget tar barnet på alvor og er eit framifrå eksempel på barneteologi i praksis.

Barnehagekonferansen 2009 som vart arrangert i samarbeid med IKO, NLA og Indremisjonsforbundet samla ca 100 deltakarar til temaet Borna og grønne – "...små barn av regnbuen, og en frodig jord?". Kurset er lagt til den årlege planleggingsdagen første fredag i februar, og målgruppa er barnehagetilsette og medarbeidarar i barnearbeidet i kyrkjelydane/organisasjonane i heile Bjørgvin. Vi hadde også i 2009 deltakarar frå andre bispedøme.

### **Born og unge**

Dei aller fleste kyrkjelydar i Bjørgvin har tilbod om miljøskapande og utviklande barne- og ungdomsarbeid, enten sjølv eller i samarbeid med organisasjonane. I Sogn- og Fjordane er mykje av barne- og ungdomsarbeidet knytt opp mot KFUK-KFUM, medan Indremisjonsforbundet også står sterkt i Hordaland.

Bispedømerådet inviterte organisasjonar og kyrkjelydar til ein fagdag om ungdom og tru med temaet "Kan tru praktiserast?". Tittelen tok utgangspunkt i boka til Bård Hallesby Norheim med same tittel. Han var sjølv ein av hovudforedragshaldarane på fagdagen. Samlinga var også meint som ei oppfølging av fagdagen året før og vart gjennomført i Skei i Jølster og i Bergen. Slike møtepunkt legg grobotn for vidare

samarbeid mellom kyrkje og organisasjonar og vi ynskjer å følgje opp med slike fagdagar årleg.

Konfirmantarbeidet i Bjørgvin lever i beste velgåande. Det er ingen merkbar nedgang i talet på konfirmantar som ikkje kan forklarast ut i frå faktorar som nedgang i årskull i kyrkjelyden etc.

### **Skule-/kyrkjesamarbeidet**

Endringa av KRL-faget til RLE og ny formålsparagraf for opplæringa har ikkje ført til særlege uro i Bjørgvin. Bispedømerådet var i 2008 tidleg og tydeleg på banen med informasjon på eiga nettside og til kyrkjelydane. Endringane skulle ikkje medføre endringar i det lokale skule-/kyrkjesamarbeidet og har med få unntak heller ikkje hatt det i praksis. Bispedømet har tidlegare hatt samarbeid med skuledirektørane i fylka og utarbeida ei rettleiing til kyrkjelydane som ligg til grunn for samarbeidet med skulen. Det har gjort sitt til at skule-/kyrkjesamarbeidet i Bjørgvin må karakteriserast som overvegande veldig bra. Dei aller fleste skulane har skulegudstenester før jul og fleire kyrkjelydar har ulike tilbod til kvart klasstrinn på skulen.

### **Ungdom og lokaldemokrati**

Kvart år arrangerar Bjørgvin bispedøme ungdomsting for ungdom i bispedømet mellom 15 og 30 år. Etter kvart har UT utvikla seg til å vere eit flott første møte for unge med demokratiske prosessar. Ein har grundig behandling av saker, og ein gjennomfører val på medlemene til ungdomsrådet. Ungdomstinget er eit organ der ungdom kan seie si meining og ta tak i saker som vedkjem dei. Dette vert spelt inn til Bjørgvin bispedømeråd og til sentralkyrkjeleg hald.

Ordninga med ungdomsråd og ungdomsting har berre eksistert i sju år (i nyare tid)

i Bjørgvin, og ein kan sjå ei positiv utvikling i at det vert gjennomført på ein betre måte for kvart år. Talet på kyrkjelydar som er representert aukar, og i 2009 hadde og to organisasjonar delegatar (NKSS og KFUK/KFUM). To av desse delegatane blei og valde inn i Ungdomsrådet. Totalt var det 30 delegatar og deltakarar representert på Ungdomstinget i 2009.

Ein må likevel spørja seg om demokratiet fungerer når berre 17 av 189 kyrkjelydar er representerte. Representasjonen frå Sogn- og Fjordane er særst låg. Er det noko vi kan gjere for å betre dette? Frå Sunnhordland har vi også låg deltaking. Det er og eit problem at mange prestar ikkje veit kva Ungdomstinget er, og ein del som ikkje prioriterar å sende ungdom dit. Vi ser at vi truleg treng lang tid til å få etablert ungdomstinget betre. Ein ser at det aukar frå år til år kor mange som er representert, sjølv om det går seint. Ein kan også spørje seg om det Ungdomstinget bestemmer har noko ringverknader utover det som vert teke med til UKM. Påverkar vedtaka på UT kyrkjelydane lokalt, eller betyr dei ingenting?

### **Misjon**

Vi har vald å setje fokus på misjon i kursinga omkring trusopplæringa ved å ta inn eit tema som "misjon og trusopplæring, heng desse saman?" Resultatet har vore godt og har skapt eit nytt syn både på misjon og på trusopplæring hos mange. Til dømes gav prosten i Sunnfjord uttrykk for at seminaret med det temaet hadde opna augene hos han for djupnene i begge tema. Når det gjeld den dagelege samhandlinga mellom misjon og trusopplæring, samarbeider til dømes kyrkjelydane i Ytre Sogn med ein misjonsorganisasjon om trusopplæringa og nyttar leirstaden i prostiet som ein arena for opplæring og erfaring.

Mange av kyrkjelydane har misjonsavtale med ein eller fleire misjonsorganisasjonar. Statistikken frå 2007 og 2008 viser at færre kyrkjelydar har misjonsavtale i 2008 enn i 2007 (218, 239), mens det er ein tendens til at dei som har avtale, gjerne har avtale med fleire. (213, 178).

Utviklinga dei siste 10 åra har gått i retning av at misjon meir og meir går frå å være eit tema for særleg interesserte til noko som gjeld heile kyrkjelyden. Særskilt har arbeidet med trusopplæringa vore med å sette misjonerande kyrkjelydar meir på dagsorden fordi kyrkjelydane spør etter kompetanse og erfaringar frå misjonen i arbeidet med å nå breidda i egne kyrkjelydar. Dette banar veg for ei meir heilskapleg tenking omkring det å være kyrkjelyd og bringe evangeliet til alle, både i Noreg og i heile verda. Når det gjeld arbeidet framover vil det være viktig både å arbeide for å auka talet på misjonsavtalar mellom kyrkjelydar og misjonsorganisasjonane i tillegg til å fortsette kursinga om samanhengen mellom misjon og trusopplæring og det tilbodet misjonsorganisasjonane har når det gjeld materiell inn i trusopplæringa.

## Diakoni

I Bjørgvin er det 30 diakon- og diakoniarbeidarstillingar i ulik prosentdel frå 100% til 20%. Veldig gledeleg er det at Odda og Os har tilsett diakon i 100%. Begge dei tilsette er viglsa diakonar. I Ytre Sogn er det framleis 200% diakon fordelt på heile prostiet.

I 2009 hadde diakonane eit felles fokus på sorgarbeid og sorggrupper, m.a. som tema på ein fagdag. Alle diakonane seier at dei driv sorgarbeid i ulik grad, alle tilbyr personleg oppfølging etter dødsfall i nær familie, nokon driv i tillegg sorggrupper og sorgkurs. 6 diakonar driv sorgkurs jamt ved behov i samarbeid med kommunale og andre instansar. Nokre diakonar har spesielle tilbod om sorgkurs etter

skilsmisse eller brå død hos born og unge. Fleire diakonar er med i kriseteamet lokalt. Nytt er det at fleire og fleire diakonar og andre tilsette i kyrkjelydane bistår skulane med "sorgvandring" eller "sorgkurs" for 4-klassingar. Dette ligg i skuleplanen og er eit døme på eit fruktbart samarbeid mellom kyrkje og skule. Diakonane har òg kurs for skuletilsette om sorg blant born. Elles er diakonane aktiv med viss det skjer dødsfall eller ulukker som involverar skule/barnehage.

Diakonane er aktive i konfirmant-undervisning og anna trusopplæring, då særskild når det gjeld inkluderande fellesskap og hjelp til dei som ikkje så lett tilpassar seg ulike samlingar eller treng særskild omsorg.

I Bjørgvin er dei fleste kyrkjelydane med i ein fasteaksjon der ein samlar inn pengar til ulike naudhjelpsformål.

Mange kyrkjelydar melder om at dei driv besøksteneste. Dette er særskild viktig i ei tid der fleire og fleire eldre bur heime sjølv om dei har problem med å klara seg, eller mange vel å tilbringe slutten av sitt liv i heimen og har då større behov for omsorg og hjelp.

Bjørgvin har hatt fokus på uløna medarbeidarar i lang tid, og medarbeidarfestar ein eller fleire gongar i året er innarbeidd lokalt. Til dømes i Vesthordland melder prosten at talet på medarbeidarar som er med i planlegging og gjennomføring av gudstenester er auka frå 314 i 2008 til 413 i 2009., den same aukinga ser ein i talet på medarbeidarar i ungdomsarbeidet. (209 i 2008 og 302 i 2009). I Sunnhordland blir det delt ut frivillighetspris kvart år.

## Rett til å praktisera si tru

Bjørgvin har i mange år arbeidd for å setja på dagsorden utviklingshemma sin rett til leva ut si tru. Difor vart den 1. desember 2009 ein merkedag. Denne dagen vart

heftet "Deltakelse og tilhørighet" (med DVD) lansert, saman med eit rundskriv frå Helsedepartementet om retten til å få hjelp til å praktisera og leva ut si tru og sitt livssyn. Denne lanseringa er banebrytande. Det offentlege har no gitt kyrkja og andre trus- og livssynssamfunn tyngde bak kravet om å få tematikken opp på dagsorden. Heftet vil kunna leggja til rette for større og mindre kurs i kommunane, som kan bidra til ein betre dialog mellom kyrkja og dei offentlege tenestene.

Det at perspektivet "rett til tru" no har fått plass og har blitt eksemplifisert via menneske med utviklingshemming, har igjen ført til at ein er blitt medviten om at dette er eit behov som også gjelda for andre "grupper", som demente, slagpasientar, menneske utsett for alvorlege ulukker, osv.

Bispedømet har medverka aktivt til å få til eit nettverk om rett til tru i samarbeid med Høgskulen i Bergen. Det er eit viktig samarbeid for å få løfta dette perspektivet opp regionalt.

"Bli kjent i kyrkja"-kurset går jamt og trutt. På Sandane i Gloppen har ein no avvikla to kurs, med gode tilbakemeldingar, som igjen har ført til ein plan vidare for auka inkludering i gudstenestelivet. Elles er utfordringa om å ha slike kurs, eit stadig tilbakevendande tema i forhold til fleire kyrkjelydar som rådgjevar er i dialog med.

Det er rekordstort tal på konfirmantar med særskilde behov i Bergen. Talet for konfirmantåret 2009/2010 er 20, fordelt på to grupper. 3 av desse konfirmantane har eit kombinert tilbod (deltek i eiga gruppe i tillegg til eit tilbod lokalt). Etterspurnaden etter rettleiing i forhold til ulike konfirmantopplegg utanfor Bergen, er aukande. Det handlar sannsynlegvis om at dette tilbodet er i ferd med å bli meir kjent i bispedømet. Det er grunn til å følgja med på om dette er ei utvikling som vil

forsterka seg. Om det er slik, kan *eitt* byomfattande tilbod for unge med utviklingshemming, syna seg å bli utlifsstillande og at ein i større grad bør ta geografiske omsyn.

I forhold til klubbarbeidet i bispedømet, er det kontakt med dei som leier dei ulike tiltaka og rådgjevar har hatt samtalar med klubbleiarar, der det er behov for dette. På Sotra vart eit stort friviljug arbeid, kalla Livets Lys, lagt ned i 2009, etter å ha eksistert i over 25 år. No viser det seg at arbeidet har starta opp igjen i ny drakt og med eit nytt namn: Det er no etablert ei Tru og Lys-gruppe, med base i Foldnes kyrkje.

Det har vore lagt vekt på å få med integreringsperspektivet i trusopplæringa i samband med kursing av kyrkjelydane Rådgjevar for integrering har vore med i Fana prosti med tema om trusopplæring og intergreringsperspektivet, samt ei orientering om kva tilbod som allereie finst i Bergen for målgruppa. I arbeidet med lokal fordeling av trusopplæringsmidlane har ein i samarbeidet med Bergen kirkelige fellestråd fått vedtak på at ca 5% av trusopplæringsmidlane skal gå til barn og unge med særskilte behov.

## Forbruk og rettfærd

I 2009 har etterspurnaden i kyrkjelydane etter "grøne bidrag" til ulike arrangement i kyrkjelydane vore på om lag same høge nivå som i 2008. Rådgjevar for miljø og forbruk har medverka på 19 slike samlingar i 2009, inklusive seminara på stiftsturneen. I tillegg til dette kjem innlegg på kurs og konferansar i bispedømet sin regi.

Når det gjeld **grøne kyrkjelydar** har vi fått 3 nye kyrkjelydar og ei kyrkjeleg stifting i 2009. Det er ein betring frå fjoråret, men ikkje nok i høve til målsettinga om 5 nye. Mange nye sokneråd har vorte utfordra til å verte grøn

kyrkjelyd på seminara på stiftsturneen. Vi ser at vi treng sterkare fokus og fleire verkemiddel for å få dette til å røre skikkeleg på seg, og vil følgje opp i 2010 med ein kampanje kor biskopen får ei rolle. Vi har heller ikkje registrert nokon nye kyrkjelege **Miljøfyrtårn**verksemder i 2009. Inntil KA kjem sterkare på banen på dette, verkar det som at det er få kyrkjelege fellesråd som set i gang med slike prosessar på eiga hand.

Når det gjeld **Fairtrade** er vårt inntrykk at lite nytt har skjedd, sjølv om merkeordninga framleis har stor framgang, og vareutvalet vert stadig større. Bergen kommune strevar med forankringa og oppfølginga av statusen som Fairtrade-by. Enkelte kyrkjelydar har dette høgt på agendaen framleis, t.d. i Fusa, med årlige markeringar i lokalsamfunnet.

### **Bærekraftige liv**



**Matkurs og hausttakkefest i regi av "Berekraftig liv på Landås"**

På slutten av året fekk vi etablert eit spanande samarbeid med Bergen kommune og Grønn Hverdag om eit 3-årig pilotprosjekt i ein bydel i Bergen. Kyrkjelyden er utgangspunktet, men her vert heile lokalsamfunnet invitert med i ein brei idédugnad om klima og berekraftig forbruk. Prosjektet vil utforske det rommet for handling som ligg mellom dei store politiske systema og individet. Kva kan ein få til av tiltak og engasjement om ein går saman i ei "passe stor" eining? I prosjektet vil ein teste ut ei rekkje konkrete tiltak,

slik som t.d. lage til ordningar for kameratkøying, promotere bildelingsordningar, leggje til rette for bil-lause handleturar til nærbutikken, samt felles kartlegging og gjennomføring av energi-oppgradering av bustadhus. Ulike slag samlingar som på ulike måtar motverkar motløysa er også viktige tiltak. Eit mål med prosjektet er å lage ei innhaldsrik "verktøykasse" kor alle metodar og erfaringar er samla og gjort tilgjengelege på ein slik måte at andre kyrkjelydar / lokalsamfunn kan gjere det same. Kyrkjelydane i Os, Førde og Herdla har i 2009 testa ut liknande tiltak, og vil halde fram med dette i 2010.

### **Reform utan pengar**

Kyrkjemøtet 2007 vedtok ei tiårig bærekraftreform for Den norske kyrkja. Kyrkjemøtet 2008 valde å organisere reforma som eit økumenisk samarbeidsprosjekt, "Skaparverk og bærekraft". Prosjektet søkjer mellom anna å skape ein dynamikk mellom handling på individnivå og det politiske nivået. I vårt arbeid (nærare skildra under punkt 1.2) søkjer vi å følgje opp intensjonane i prosjektet, og vil særskilt peike på "Bærekraftige liv" som eit slikt bidrag.

Etter vår vurdering er prosjektet "Skaparverk og bærekraft" eit godt og gjennomarbeidd prosjekt, men skapar lite rørsle så lenge det manglar ressursar til arbeid ut over dei sentralkyrkjelege råd. Skal ein følgje opp intensjonane om å skape ein gjennomgripande reformprosess som inkluderer alle nivå i kyrkja, må det prioriterast ressursar til satsing regionalt og lokalt. Så langt har bærekraftprosjektet ikkje ein gong fått plass på lista over prioriterte tiltak og reformer i Den norske kyrkja. Om ikkje dette vert endra, er vi redd historia vil døme oss hardt for manglande vilje til prioritering i dessa avgjerande åra.

## Dialogkonferanse ”Den siste olje”



På oppdrag frå Kyrkjerådet arrangerte vi ein vellukka dialogkonferanse ”Den siste olje” i november. Konferansen var ein møtestad for miljøvernarar, forskarar, politikarar, petroleumsindustrien og kyrkjefolk, og tok opp tråden frå debatten i kjølvatnet av det kyrkjelege utspelet om moratorium i oljeletinga.

Elles har Bjørgvin slutta opp om dei felleskyrkjelege klimakampanjane og mobiliseringa fram mot klimatoppmøtet i København, inkludert klimaseilasen i desember. Generelt kan det vere vanskeleg å rapportere om kva som rører seg i kyrkjelydane på dette feltet, då tidlegare kyrkjemøtevedtak om å få dette inn som spørsmål i den årlege statistikken ikkje har blitt følgt opp.

## Pilegrimsarbeidet

Stadig fleire pilegrimar finn vegen til kyrkja i Røldal. Nærmare 200 deltok i 2009 på kortare eller lengre organiserte og uorganiserte vandringer. Pilegrimsvegen er rusta opp gjennom nært samarbeid med Vest-Telemark museum. Hordaland fylkeskommune har løyvd kr 500.000 til å prosjektere eit nytt pilegrimssenter i Røldal. Senteret skal ta i mot pilegrimane, og formidle Røldalskyrkja si historie til tilreisande og barn og unge i lokalsamfunnet. Biskop em. Ole D. Hagesæther og ordføraren i Odda kommune er blant fleire i ei

prosjektgruppe som arbeider for å realisere senteret.

Pilegrimsleia langs kysten har og fått stor merksemd i 2009. Langs vestlandskysten er det fleire helgen- og pilegrimsmål; Utstein kloster/pilegrimsgård, Moster, Bergen, Kinn og Selje. Eit breitt lokalt initiativ med Selje kommune i spissen har i 2009 arbeidd aktivt for å utvikle Selje kloster som helgenmål.

## 2. Kyrkjeleg sektor – Tilstandsvurdering i lys av resultatmåla

### 2.1 Kyrkjeleg demokrati

#### Resultatmål:

*Gjennomføra kyrkjevalet.*

#### Resultatindikatorar:

*Talet på vallokale ved dei kyrkjelege vala i høve til røystekrinsar ved stortingsvalet.*

**97 prosent** av røystekrinsane hadde vallokale.

*Prosentvis valoppslutnad av talet på røysteføre ved dei kyrkjelege vala.*

Direkte val 14. september:

Valet av medlemmer til Bjørgvin bispedømeråd/Kyrkjemøtet: 10,3 % valoppslutnad  
Soknerådsvalet: 13,73 %.

Ved soknerådsvalet i 2005 hadde sokna med forsøk på val samstundes med stortingsvalet ein oppslutnad på 11,1 %. Dei sokna som i 2005 hadde tradisjonelt val i samband med gudstenesta ein oppslutnad på 5,1 %.

Indirekte val - prosent røyster frå sokneråd, prestar og lek kyrkjeleg tilsette

	sokneråd	Prestar	Kyrkjeleg tilsette
2009	88 %	55 %	N=298*
2005	81 %	71 %	N=341*

\* Manglar tal på tilsette med røysterett, men det er ca 630 årsverk i Bjørgvin.

Nedgangen i oppslutnad om valet frå prestar og lek kyrkjeleg tilsette kan skuldast at røystesetlar og informasjon vart sendt ut pr. e-post. Ved valet i 2005 vart det sendt ut brev og ferdig adresserte konvoluttar til veljarane.

Kyrkjevalet var eit omfattande tiltak i kyrkjelydane. Mange kyrkjelydar melde om positiv kontakt med mange kyrkjemedlemer. Dei forklarte interessa med at valet var same dag som stortingsvalet og med vallokale nær dei kommunale, støtta av valkort og meir informasjon enn ved tidlegare val.

På den andre sida, kravde valet veldig mykje arbeid av dei tilsette i sokna, og det i ein travel periode med oppstart av eit nytt semester. Kostnaden var stor. Ein stor innsats for kyrkjevalet med tiltak ut over det nødvendige, vil truleg ha effekt, men det krev eldsjeler.

Nokre sokn hadde problem med å finna nok kandidatar til soknerådsvalet. I Bergen ligg kyrkjene tett, og dei som er engasjert i soknet, bur kanskje like utanfor grensene. 71 søknadar om røysterett i framand sokn vart godkjende. Av desse stilte 31 til val. 14 var busett på institusjon i eit anna sokn enn der dei eigentleg kjem frå.

Evalueringa av bispedømerådsvalet viser at mange synest det var vanskeleg å røysta på kandidatar som dei ikkje kjenner. Kandidatane var presenterte på bispedømet sine nettsider, i eit eige hefte som var tilgjengeleg før og under valet og i eit innstikk som vart trykt i om lag 33 kyrkjeblad. Ein eigen presentasjon i BT (redaksjonell plass) fekk også ein del merksemd. Det var kritikk av at den offisielle presentasjonen av kandidatane ikkje var god nok, men evalueringa blant lokale valmedarbeidarar viser at det er usemje om i kva grad presentasjonen burde ha vore kortare, meir omfattande, spissare

på kontroversielle spørsmål osv. I Bjørgvin var det opp til kandidatane sjølve korleis dei ville profilera seg.

Kyrkjedemokratiet kan vanlegvis best samanliknast med demokratiet i frivillige organisasjonar og ikkje med politiske parti. Valkamp er lite brukt, og valrådet kan ikkje profilera enkelte kandidatar på kostnaden av andre. Det er difor media som lettast kan ta oppgåva med ein kritisk, spissa presentasjon av kandidatane.

KYRKJEVALET I BJØRGVIN  
PRESENTASJON AV KANDIDATANE TIL  
BISPEDØMERÅDET/KYRKJEMØTET



Ordninga med supplerte kandidatar til bispedømerådsvalet vart nytta for å få inn på lista to kandidatar som ikkje nådde opp i den vanlege nominasjonen. Ein av desse fekk plass som 2. vara etter valet.

I Bjørgvin vart tre av dei leke medlemene til bispedømerådet valde direkte, fire indirekte. Bispedømerådet ønskte berre indirekte val. Når ein først måtte delta i det direkte valet, opplevdes det som ein fordel å kunna velja dei fleste av medlemene via ein indirekte valrunde. Det gav sokneråda høve til å gå grundig gjennom kandidatlista og ta omsyn til geografisk fordeling, fordeling på alder, kjønn m.m. Dersom alle sju leke hadde blitt valde direkte, ville bispedømerådet med eitt

unnatak truleg ha sett likt ut med slik det vart no. Rekkefølga på vararepresentantar ville ha vore noko annleis.

Kyrkjevalet vert grundig evaluert på fleire vis, og me viser til den nasjonale evalueringa for ei nærare vurdering av valet.

## 2.2 Trusopplæring

### Resultatmål:

*Utvikle kyrkja si trusopplæring. Mål: Eit systematisk og samanhengande tilbod om trusopplæring for alle døypte fram til fylte 18 år. Tilbodet skal vera lokalt forankra, tilpassa ulike alderstrinn og tilrettelagt slik at det når ut til breidda av alle døypte.*

Ved utgangen av 2009 hadde 35 av 189 sokn i Bjørgvin har fått midlar til å gjennomføre trusopplæringsreforma (7 i Fana prosti, 28 i Nordfjord prosti).

Kyrkjelydane i Fana prosti fekk midlar frå trusopplæringsreforma i 2009 og starta gjennomføringa på vårparten. Med eigen kontaktperson på bispedømekontoret (50% stillingsressurs) har innfasinga vore ei prioritert oppgåve dette året. Det vart arrangert samråds-/informasjons-/drøftingsmøte og oppstartsamling på prostiplan, i tillegg til heile 8 lokale innføringskurs; eit i kvar eining der 3 rådgjevarar frå bispedømekontoret deltok. Erfaringane frå Forsøk 2008 var nyttige å ha med seg, sjølv om Fana prosti har heilt andre kulturelle og demografiske forhold enn Nordfjord prosti. Nordfjord prosti har blitt følgt opp med rådgjeving og årsrapportsamtalar. Kontaktperson på bispedømekontoret har delteke på eit par møte i trusopplæringsutvalet i prostiet pr semester. Utvalet fungerer som ei møtepunkt for erfaringsdeling, inspirasjon og samarbeid. Prosten innkallar dei som har det faglege ansvaret for trusopplæringa i kvar eining, og desse møter då saman med prost og rådgjevar/kontaktperson ved

bispedømekontoret. Dette har vore ei ordning som har fungert særst godt og som bispedømerådet vil følgje opp ved innfasing av kyrkjelydar i åra framover.

Med 13 prosti i bispedømet og 2 av dei i gjennomføringsfasen pr 2009 (Fana og Nordfjord), var det ved inngangen til 2010 mange prosti som undrar seg når det blir deira tur. Behovet for informasjon ut til prostia er stort og mange førebur seg no godt på å ta i mot friske midlar frå trusopplæringsreforma. Rådgjevarar frå bispedømekontoret har delteke på stiftsturné til alle dei 13 (10 i 2009) prostia, der presentasjon av ny biskop og kurs for nye sokneråd har vore målet. Trusopplæringsreforma fekk ein stor plass i programmet med både hovudforedrag i plenum og 2 seminar.

”Lys vaken” har blitt ein suksess i Bjørgvin. Arrangementet samlar mange 11-åringar i meir enn halvparten av kyrkjelydane våre. Nokre har vald å bruke andre tidspunkt fordi mange kyrkjelydar allereie har arrangement den første helga i advent.

Bjørgvin bispedøme var det bispedømet som hadde flest deltakarar på trusopplæringskonferansen på Lillestrøm i oktober trass lange avstandar. Sokna blir oppmoda til å senda representantar til ei slik storsamling for å bli inspirerte og få trusopplæringsreforma inn under huden.

### Treet.no

Nettsida [www.treet.no](http://www.treet.no) blei publisert i 2009, som følgje av Bjørgvin sitt regionale trusopplæringsprosjekt ”Fra bleier til mobil – barn og unge som etiske forbrukere”. På [www.treet.no](http://www.treet.no) kan alle finne ulike nettressursar som kan brukast som utgangspunkt for undervisning i kyrkja og i skulen. Innhaldet på nettsida er delt inn etter aldersgrupper og tematikk. Gjennom promotering på stiftsturneen til alle prostia i bispedømet, har nettsida blitt gjort kjent. Mange har delteke på seminar og gitt positive tilbakemeldingar om at



ressursen er relevant for eigen arbeidssituasjon.



www.treet.no

## 2.3 Gudstenesteliv

### Resultatmål:


*Kyrkja sitt gudstenesteliv skal fornyast etter dei måla som Kyrkjemøtet og Kyrkjerådet fastset.*

### Resultatindikatorar:

*Gjennomsnitt tal på deltakarar per gudsteneste.*

### Gudstenesteframmøte

Gudstenestedeltakinga på sun- og helgedagsgudstenestene er nokolunde stabil med 101 i gjennomsnitt til gudsteneste. Dei førebels tala for 2009 kan tyda på ein liten nedgang i gjennomsnittsdeltaking frå 101 til 100. For meir detaljar, sjå punkt. 1. 2.



Det er ikkje noko som tyder på at interessa for å gå på gudsteneste er minkande. Samanlagt gudstenestedeltaking med førebels tal for alle gudstenester også er gått ned med om lag to prosent slik som talet på gudstenester (sjå punkt. 1. 2.). Det fører til at gjennomsnittet pr gudsteneste for alle gudstenester er uendra på 90. Talet på gudstenester og talet på deltakarar følgjer kvarandre slik at det å halda gudstenester vert svaret på å halda oppe deltakartalet.

Nattverdsøkinga for alle gudstenester er òg uendra med eit snitt på 35. Samstundes ser ein at trenden frå i fjor med at det vert halde fleire nattverdgdustenester held fram. Både talet på nattverdgdustenester og nattverddeltakarar har auka med nesten ein prosent.

### Gudstenestereforma

Det er for tidleg å seia noko om arbeidet med nye gudstenesteordningar har hatt innverknad på frammøtet. Det er kom meldinga både om at fornying engasjerer og at stadige endringar er slitsamt.

I Bjørgvin bispedøme var det tre sokn sør i bispedømmet (Os, Stord, Nysæter) og fire i nord (Oppstryn, Nedstryn, Loen og Nordsida) som vart tatt ut som offisielle høyringskyrkjelydar. I tillegg var Birkeland, Fusa og Vereide høyringskyrkjelydar på forslaget til salmebok.

Tilbakemeldingane derifrå tyder på dei synes det har vore gjevande, men eit stort materiale å prøva ut og ingen har prøvd ut alt, særleg har forslaget til ny kyrkjemusikk vore for stort til å prøva ut. Dei som prøvde salmebokforslaget har berre fått prøvd ut ein liten del av materialet.

Ein prest fekk bruka 20% arbeidstid til å følgja opp høyringa saman med seksjonsleiar for kyrkjefag. I tillegg vart det skipa til opne fagdagar der ein gjekk

inn på høyringsmaterialet. Det var ein dag om nattverdilturgien i februar, om dåps og nattverdilturgien i mai og om dåpslurgi på Stiftsmøtet for alle tenestegruppene i juni. Høyringsrunden engasjerte prestar og kyrkjeleg tilsette og sette i gang faglege drøftingar i alle prosti.

Bispedømerådet handsama evalueringsspørsmåla til framlegget til ny gudstenesteliturgiar i to møte. Ein komite med biskop, seksjonsleiar, representant for bispedømerådet og andre ressurspersonar utarbeidde det endelege høyringsutkastet bl.a. med innspel frå høyringskyrkjelydar. Uttalen var kritisk til heilskapen i forslaget. Bispedømet utarbeidde i tillegg sitt eige forslag til dåpslurgi ført i pennen av seniorprest Sigurd Vengen.

### **Høyring salmebok og gudstenestemusikk**

Bispedømerådet oppretta ein treårig prosjektstilling i 20 % finansiert av OVF-midlar med oppstart frå 15. april 2009. Prosjektstilling er særleg knytt til arbeid med gudstenestereforma forutan sekretærfunksjon for kyrkjemusikalsk utval og arrangement av fagdagar for kyrkjemusikarar.

For å sikra ei god og brei høyring av kyrkjemusikken vart det vart skipa til fagdag for kyrkjemusikarar med Åge Haavik frå kyrkjerådet med gjennomgang av gudstenestemusikken i januar. Det var seminar om salmebokforslaget under Stiftsmøtet i juni. Om hausten var bispedømerådet samarbeidspartnar i eit høyringsseminar om gudstenestemusikken, finansiert av KA. Bjørgvin kyrkjemusikkutval (BKMU) saman kyrkjemusikk-konsulenten med samla saman innspel frå einskilpersonar og prøvekyrkjelydar og leverte innstillingar til bispedømerådet.

Prøvekyrkjelydane gav uttrykk for at tida for utprøving var lita. I særleg grad gjaldt dette gudstenestemusikken sidan store deler av denne (om lag halvdelen) ikkje

låg føre før mot slutten av prøveperioden. Det synest elles å vera ei utbreidd oppfatning hjå prøvekyrkjelydane og kyrkjemusikarane at forslaga til salmebok og gudstenestemusikk ikkje var gode nok.

Konklusjonen er at ein fekk engasjert breitt sjølv om mange opplevde høyringstida for knapp og at ein fekk ei forsvarleg handsaming av høyringa fordi det var mogeleg å setja inn ekstra personalressursar til å handsama høyringa for bispedømeråd og biskop.

## **2. 4 Organisasjonsutvikling**

### **Resultatmål**

*Leggja til rette for lokalt forsøks- og utviklingsarbeid, m.a. gjennom auka samarbeid på tvers av sokne- og kommunegrensar.*

### **Resultatindikatorar:**

*Delen av fellesråd som deltek i forsøk eller har etablert samarbeidsordningar på tvers av sokne- og/eller kommunegrensar.*

I to fellesrådsområde, Aurland og Lærdal, har sokna eitt felles kyrkjestyre for heile kommunen. I Vaksdal er det seks sokn, og fire av desse hadde i førre valperiode eitt felles kyrkjestyre, medan to heldt fram med arbeidet sitt som sjølvstendig sokn. Hovudinntrykket var at forsøket var positivt for dei fire sokna som var med, sjølv om nokon synest det var vanskeleg å få til ei klar nok arbeidsfordeling mellom felles sokneråd og kvart sokn sitt lokale kyrkjelydsutval. Forsøket er avslutta fordi ein ikkje ville halda fram utan at alle seks sokna vart med.

## 2. 5 Diakoni

### Resultatmål


*Leggja til rette for eit systematisk arbeid med diakoni i kyrkjelydane.*

### Resultatindikatorar:

*Delen av sokneråd som har klar nye lokale diakoniplanar*


Ei heilt ny kartlegging (der 141 av 189 sokn har svart) viser at ca 60% av sokna har eller arbeider med ein diakoniplan, mens 40% ikkje har starta arbeidet. Som figuren nedanfor viser, er det ein klar samanheng mellom å ha delteke på kurs og starta arbeidet med plan.

### Samanheng mellom kursdeltaking og planstatus



Kartlegginga viser også at det å ha ein diakonressurs knytt til kyrkjelyden har stor innverknad både på om soknerådet har delteke på kurs og på om dei har laga diakoniplan. (Sjå figur nedanfor)

### Samanheng mellom planstatus og diakonressurs



For å oppfylle målsettinga om å ha klar diakoniplanar, vart det i 2009 halde seminar og diakoni på ulike måtar i nesten alle prostia i samband med stiftsturneen. Vi fokuserte både på "ein kyrkjelyd for alle" der vi la vekt på korleis vi kan gjere våre fellesskap inkluderande for alle, også for dei som ikkje i utgangspunktet opplever at dei høyrer til eller kan bidra. I tillegg var det seminar om korleis laga diakoniplan og ulike tema omkring vern om skaparverket og kamp for rettferd.


Statistikken for 2008 viser at kyrkjelydane i Bjørgvin har eit variert diakonalt tilbod, men i sokn utan diakonressurs, er dette i stor grad eit tilbod til eldre. Samanliknar ein med året før, har det diakonale tilbodet som er nemnt i årsstatistikken auka i omfang.

Når det gjeld satsinga framover, vil det vere viktig å fullføra kursinga i diakoniplan og arbeidet med å laga diakoniplanar lokalt.

### Medarbeidarskap

Statistikken viser at satsinga på medarbeidarskap i Bjørgvin ber frukt. Alle typar involvering av uløna medarbeidarar viser auking i oppslutnad frå uløna medarbeidarar.

Ulønna medarbeidarar i ulike former for kyrkjelydsarbeid



Medarbeiderskap er ikkje lenger eit eige prosjekt i bispedømet, men både når det gjeld diakoni og trusopplæring, er dette eit tema og medarbeidarpermen som vart utarbeidd i prosjektida er i bruk. Diakonirådsgjevaren hadde eit seminar om temaet for over 100 deltakarar under trusopplæringskonferansen i oktober og responsen har vore at dette er noko mange vil lære meir om. Arbeidet med dette temaet tidlegare har gjort det enklare for kyrkjelydane å tenke medarbeiderskap når det gjel alle ledd i innfasinga i trusopplæringa.

## 2. 6 Kyrkjemusikk

### Plan for kyrkjemusikk

På grunn av at høyringa på gudsteneste-reforma tok mykje energi vart det bestemt at implementering av kyrkjemusikkplanen skulle utsetjast til 2010.

## 3. Prestetenesta

### 3. 1 Geistleg personale

#### Resultatmål

*Alle sokn skal ha fast geistleg personale*

#### Resultatindikator:

*Kyrkjemedlemmer pr fast prestestilling*

*Sokn pr fast prestestilling*

*Vakanse i faste prestestillingar*

Alle sokna i Bjørgvin bispedøme har presteteneste ved fast prest, eller vikar.

I denne framstillinga vel vi å skilja mellom Sogn og Fjordane, Bergen og Hordaland elles. I Sogn og Fjordane er der totalt 44 stillingar, noko som gjev 2 200 medlemmer pr prest. I Bergen er det 51,5 stillingar og 3 909 medlemmer pr prest, i Hordaland elles 61,5 stillingar med eit gjennomsnitt på 3 147 medlemmer pr prest. Variasjonane innan sokna og fellesråda er store, Solund kommune med sine knappe 900 innbyggjarar har eigen prest, i Fjell er det 6 208 medlemmer pr prest, i Meland 5 727, i Askøy 5 367 og i Os 4 855 medlemmer pr prest. Målet om ei desentralisert folkekyrkje som er til stades i alle lokalsamfunn står i motsetnad til målet om ei meir effektiv presteteneste. Ein stor prosentdel av innbyggjarane i Bjørgvin er medlemmer i Dnk. Det er krevjande og kjensleg for alle involverte å effektivisera 44 prestestillingar fordelt på 26 kommunar i Sogn og Fjordane. Det er stor geografisk avstand mellom kvar prest, og mange kyrkjelydar. I Ytre Sogn med sine ca 14 000 medlemmer, er det t.d. 27 kyrkjer. Samstundes er det stor trong for å styrkja prestetenesta i bynære kommunar i Hordaland. Bispedømerådet oppnemnde 4. november 2008 ei arbeidsgruppe der biskopen, administrasjonen, prostane, kyrkjevevjerene, PF og prestane er representerte. Arbeidsgruppa sitt mandat er å vurdera gjeldande gudstenesteordning,

og å føreta ei vurdering av fordelinga av presterressursane i bispedømet.

Oppsummert er målsettinga med denne høyringa å utarbeide eit grunnlag for å vurdere:

kva slags lokale gudstenesteordningar som best kan utvikla kyrkjelyden om prestestillingane er ”rettferdig” fordelt i bispedømet, og ei eventuell omfordeling av ressursane

kvar eventuelt nye prestestillingar bør kanaliseras

kvar eventuell inndraging av stillingar kan vera aktuelt

Desse spørsmåla kan ikkje sjåast uavhengig av fellestråda og sokneråda sine ressursar. Det er difor viktig at desse vert høyrde når biskopen og bispedømerådet skal utvikle sine strategiar. Det let seg derimot ikkje gjera å foreta ei heilskapeleg vurdering av dei lokale ressursane så lenge prestenesta vert finansiert direkte på statsbudsjettet og sokneråda si verksemd vert finansiert frå kommunebudsjetta. Eit framlegg har vore på høyring, og gruppa skal gje innstilling til bispedømerådet sitt møte i april 2010.

*Sokn pr fast prestestilling* er ein resultatindikator vi ønskjer fjerna. Dette fordi vi er redde for at det vil føra til ei sementering av noverande soknestructur som mange stader er mogen for revisjon.

31.12.09 var det vakanse i fire faste prestestillingar. Tre av dei har stått vakante i meir enn to år, den eine hadde to søkjarar som baa takka ”nei” til stillingen.

Prostiprest og vikarar dekkar prestenesta i dei sokna dette gjeld. Likevel lir kyrkjelydane under lange vakansar, då vikarteneste er ei anna teneste enn den ein fast prest vil gjera.

Det har vore utlyst 22 faste prestestillingar med søknadsfrist i rapporteringsåret, med totalt 62 søkjarar. Sume av desse har søkt fleire stillingar. Tre presumtivt attraktive kapellanstillingar i Bergen hadde berre tre

søkjarar til saman. For å få søkjarar til stillingar i ”ytre og indre” utkant, arrangerer prostane ”visingsturar” for interesserte. Bispedømet tilbyr også høgare løn enn tilsvarende stilling andre stader. Dette har hatt ein viss effekt, og er tiltak vi vil halda fram med. Gjennomsnittsalderen på presteskapet og det låge talet på søkjarar gjev grunn til uro. Bispedømet vil nytta studentar som ferievikarar dei stadene dette er aktuelt, noko som vonleg vil verka positivt på rekrutteringa på sikt. Bjørgvin bispedøme deltar i mentorprosjektet saman med Oslo og Hamar. I tillegg gjev vi andre nyttilsette, unge prestar ein mentor / samtalepartner det første året av tenesta. Dette får vi gode tilbakemeldingar på, og det blir kommentert som positivt av studentar vi møter på studiestadene.

Rekneskapen vår syner at all refusjon frå NAV vedkomande sjukefråvær og fødselspermisjonar er brukt til vikarar. Dei fleste av desse med arbeidsavtale, dvs i meir enn 14 dagar, og noko bruk av enkelttenester. Grunna økonomien i bispedømet vert korttidsfråvær sjeldan dekkja fullt ut.

I RAMU sitt møte 04.09. 2008 vart det oppnemnt ei arbeidsgruppe med mandat å finna tenlege ordningar for gjennomføring av vernetenesta i bispedømet. Dette er no slutført, og den reviderte HMT-handboka for prestar tilsette i Bjørgvin bispedøme vart godkjent i bispedømerådet sitt møte 08.12. 2009. Prostar, verneombod og tillitsvalde får ei felles innføring i mars 2010, HMT-handboka vert også tema på konvent i prostia. Målet er å auka medvitnet kring HMT-arbeidet blant prestane. Bispedømet har samarbeidsavtale med dei fleste fellestråda om vernearbeidet. Avtalen fungerer ikkje etter intensjonen sume stader, dette vil vi ta opp med dei aktuelle fellestråda i 2010.

Prestetenesta i Bergen landsfengsel (200 %), Vik fengsel (50 %) og Bjørgvin fengsel (80 %) fungerer godt, inklusive

samarbeidet med leiinga i fengsla. Fengselsprestane deltek på regionale og nasjonale fagdagar, og elles på kurs dei har trong for i ei sær s utfordrande teneste. Dei har også beredskapsvakt andsynes meldingar til fangar utanom arbeidstid, med godtgjering kun ved uttrykking. Dette vart godkjent av departementet i 2009.

### **Prestebustadar**

Det er framleis stor merksemd kring prestebustadane i Bjørgvin. Administrasjonen opplever å ha god kontakt med Opplysningsvesenets fond (OVF) og med kommunane om bustadane. Gjennom systematisk arbeid i 2009 har vi no betre kunnskap for å prioritere vedlikehald for dei ulike prestebustadane.

Bergen Bolig og byfornyning (BBB) eig 40 prestebustader, mange av desse med trong for vedlikehald. BBB har i løpet av 2009 avhenda to bustader som var i svært dårleg stand. Kommunen vart i 2009 tildelt sysselsettingsmidlar i høve finanskrisa. Dette har ført til at nokre av dei store prestebustadane kunne rehabiliterast. Vi er samde med BBB om først og fremst å rehabiliter bustadane framfor å kjøpe nye.

Etter vårt skjøn gjer prestegardskonsulent Hildur Kuld i OVF eit godt og systematisk arbeid med fondsbustadane i bispedømet. Grunnleggjande byggtekniske utbetringar vert prioritert, t.d. fuktige kjellarar, utette tak og manglande isolasjon. Mykje står enno att, men arbeidet er godt i gang. Det vart brukt meir midlar i Bjørgvin i 2009 enn ei pro rata fordeling skulle tilseie. Løyvingane for 2010 er reduserte samanlikna med tidlegare år, så arbeidet vil ta noko lengre tid å fullføra enn det vi vona på.

Bustadomboda har saman med rådgjevaren på bispedømekontoret synfare omlag 50 bustadar det siste året. Vi vil halde fram med dette arbeidet i 2010.

## **3. 2 Lokale tilhøve og utfordringar**

### **Resultatmål**

*Prestetenesta skal vera tilpassa lokale tilhøve og utfordringar*

### **Resultatindikator**

*Prestar med heile prostiet som tenestedistrikt iht. arbeidsavtale*

Prosesen med innføring av ny tenesteordning vart slutført pr 01.01. 2009. Nordfjord prosti er delt inn i fire tenestedistrikt, Hardanger og Voss i tre. Dette ønskjer vi å vurdere på nytt i samband med saka om fordeling av presteressursane i bispedømet. Det er framleis ca 15 prestar som ikkje har skrive under ny arbeidsavtale. Dette er ei utfordring for prostane si organisering av prestetenesta i dei prostia som har fleire slike prestar i teneste.

## **3. 3 Kompetanseutvikling**

### **Resultatmål**

*Utvikle kunnskapar, dugleikar, haldningar og motivasjon til tenesta hos den einskilde prest.*


### **Resultatindikator**

*Prestar som har delteke på etterutdanningskurs*

Det har vore to møte i REU, i etterkant av dei sentrale søknadsfristane. Mest alle som har søkt om deltaking på kurs, har fått søknadene innvilga. Talet på kvinner som søker, er aukande. Vi ser ei jamn fordeling av individuelle søknader og søknader på SPP-modular / mastergradsemne. Prostivise studieturar vert det også søkt om, ein søknad til kvart møte i 2009.

Vi får gode tilbakemeldingar om prestar som får ny kveik i tenesta etter ein studiepermisjon.

Bispedømet har også utvikla eit eige pastoralt leiarkurs, obligatorisk for alle prestane. Vi søkte, og fekk innvilga støtte til dette frå Direktoratet for forvaltning og IKT. Brosjyre ligg ved årsmeldinga.



### Pastoralt leiarkurs

I samband med innføring av ny tenesteordning får alle prestar som skriv under ny arbeidsavtale, ei studieveke pr år samt kr 1 500,- til litteratur, kurs mm. Ikkje alle nyttar seg av denne studieveka, noko vi ønskjer å setja fokus på i 2010.

Revidert kompetanseutviklingsplan vart vedteken på første møtet i 2009.

Vi har fire ABV-grupper med til saman 26 deltakarar. Dei fleste er prestar, men det er med nokre diakonar og kateketar som er fellesrådstilsette. Den eine gruppa har base i Sogn, medan dei andre held til i Bergen. Fem prestar har fått individuell rettleiing.

Vi har to prostegrupper som har kollegarettleiing. Alle prostane er med her.

Bjørgvin bispedøme har 18 godkjende ABV-rettleiingar. Leiarane for ABV-gruppene har hatt nokre samlingar der dei har fått rettleiing sjølve. Kvart år blir det skipa til fagdagar for rettleiarane og den tverrfaglege styringsgruppa. I 2009 var Sverre Stoltenberg ressursperson på fagdagen.

Med 178 prestar i bispedømet, er oppslutninga om ABV for dårleg. Mange fleire burde deltatt og slik fått ei evaluering og ei stadfesting av prestetenesta si i eit trygt kollegafellesskap. Ei framtidig målsetting er at kvart prosti til ei kvar tid har med 3-5 deltakarar i ABV.

Bjørgvin bispedøme samarbeider med Stiftinga Bergen Diakonissehjem om retreatarbeidet. Gjennom året blir det skipa til kveldsretreat med deltakarar frå kyrkjelydane i Bergen og omegn. I januar 2009 vart det halde eit veker langt retreat etter ignatiansk modell på Haraldsplass. Fleire prestar var med. Det årlege haustretreatet på Holmely i Nordfjord samla fullt hus. 10 av deltakarane var prestar.

Elles merkar vi ein aukande etterspurnad etter åndeleg rettleiing mellom kyrkjeleg tilsette. Skal vi klara å fylgja opp dette, må fleire få høve til å styrkja kompetansen sin innan dette fagfeltet.

Senter for livsmestring (Haraldsplass) arrangerer kurset "Pusterom og påfyll" to gongar kvart år. Bjørgvin bispedøme har avtale om å nytta ti plassar på desse. Tilbodet går til dei av prestane som har særskilt trong for det, etter tilråding frå prostane.

### 3. 4 Likestilling

#### Resultatmål

*Motivere og leggje til rette for fleire kvinner til teneste som prestar i kyrkjelydane og til å ha leiarstillingar i kyrkja.*

#### Resultatindikator

*Kvinner i faste prestestillingar  
Kvinner i stillingar som biskop eller prost*

Kjønns- fordeling i %	Totalt		Leiar- stillingar (Prostar)		Øvrige stillingar	
	Kv.	Menn	Kv.	Menn	Kv.	Menn
alle tilsette	14,7	85,3	8,3	91,7	15,2	84,8
Heiltids- tilsette	16,8	83,2	8,3	91,7	17,5	82,5
Deltids- tilsette	0	100	0	0	0	100
Gjennom- snittsløn (1000 kr)	438	455	528	558	435	496

Bispedømerådet ynskjer å rekruttera fleire kvinner til presteteneste i bispedømet. Dette blir profilert ved at dei fleste stillingsannonsar har med ein setning om at kvinner blir oppmoda om å søkja. Kvinnenettverket som vart etablert blant prestane i 2008 trur vi betyr mykje for dei som er med der, og vi vonar det også kan verka rekrutterande på kvinner. Bjørgvin har eit ufortent (meiner vi) dårleg rykte vedkomande kvinnelege prestar.

### 3. 5 Arbeidsvilkår

#### Resultatmål

*Sikra gode arbeidsvilkår for prestane.*

#### Resultatindikatorar

*Gjennomsnittleg sjukefråvær  
Gjennomsnittleg tal på ferie- og fridagar  
som ikkje er tatt ut i løpet av året*

Det gjennomsnittlege sjukefråværet var 2,72 % i 2009, mot 4,47 året før.

Reduksjonen skuldast færre langtidssjukmelde. Gjennomsnittleg tal på ferie- og fridagar som ikkje er tatt ut i 2009, er 3,2. Det betyr at mange prestar tar ut alle ferie- og fridagar etter planen.

KIFO-rapporten "Prest i Bjørgvin" er presentert og drøfta med prostane, tillitsvalte og verneomboda i bispedømet. Tiltak for å møta manglane som kom fram der, er tatt med i tiltaksplanen for 2010. Vi nemner særleg Innføringsprogram for nyttilsette, Handlingsplan for livsfasepolitikk, Elektronisk arbeidsplanleggingsverktøy og Stabsutviklingskurs. Vidare skal prostane ha særleg merksemd retta mot fare for å tapa motivasjon for prestetenesta i medarbeidersamtalane. Vidare spørja etter og gjera seg nytte av spisskompetanse prestane har. Konflikthandtering vert tema på eigen OU-dag.

Bjørgvin har eigen personalprest. Han har ein aktiv rolle i å halda kontakten med sjukmelde prestar, noko som gjer at dei får god oppfølging frå arbeidsgjevar si side. I tillegg tar han kontakt med tilbod om samtale også med andre, noko dei fleste responderer positivt på. Vi får tilbagemeldingar om at dette betyr mykje for mange.

Manglande økonomiske ressursar fører til press på vikarordningane. Dette må kompensast med redusert aktivitet, noko som det vil ta tid å gjennomføra. Det vil framleis vera naudsynt med fokus på dette framover.

### 3. 6 Leining og samvirke

#### Resultatmål

*Sikra god leining av prestetenesta og tilrettelegging for eit positivt samvirke mellom prestane, kyrkja sine valte organ og andre kyrkjeleg tilsette.*



## **Resultatindikator**

*Tal på prestar som har hatt medarbeidersamtale  
Arbeidsplan*

Dei fleste prestane har hatt medarbeidersamtale med prosten. Alle prostane har hatt medarbeidersamtale med biskopen.

Alle prostane utarbeider arbeidsplan for prostane i prostiet. Detaljgraden i planane varierer innan prostia. Nytt dataverkty til dette blir tatt i bruk 01.06. 2010. Målet er at både planlegginga og rapporteringa skal gå lettare med nytt verkty.

Prostane inviterer alle kyrkjeleg tilsette til minst eitt av konventa i prostia kvart år. Dei har også regelmessig kontakt med kyrkjevevjene. Bispedømet har utarbeidd ein handlingsplan mot seksuelle overgrep i samarbeid med Bergen kirkelige fellesråd. Denne planen blir no presentert i alle prosti, med flest mogeleg av dei kyrkjeleg tilsette til stades. Dette er samlingar vi får gode tilbakemeldingar på. Prostane blir også sentrale i implementeringa av trusopplæringsreformen i sokna.

## **4. Forvaltning**

### **4. 1 Tilskotsforvaltning**

#### **Tilskot til kyrkjeleg undervisning, diakoni og kyrkjemusikk**

Bjørgvin bispedømeråd vart totalt tildelt kr 11.752.000. Av dette gjekk kr 135.000 til kyrkjemusikalsk arbeid ved Bergen domkirke i tråd med føresetnadene i statsbudsjettet. Resten av løyvinga har gått med til å dekkja 50% lønsrefusjon inntil tak på kr 255.000 for 15 soknediakonstillingar, og 100% lønsrefusjon inntil tak på kr 520.000 for 16,3 kateketstillingar tilsett ved ulike fellesråd. For 2009 vart taket for utbetalingane ikkje heva. Også i 2009 var

det vakansar i diakoni- og kateketstillingane, noko som førte til enkeltvedtak i bispedømerådets desembermøte med ekstratildeling innan formåla diakoni- og kateketteneste.

### **4. 2 Økonomiforvaltning**

#### **Kyrkjeleg administrasjon**

Tildelinga til Kyrkjeleg administrasjon (bispedømekontoret) var på kr 12.741.000. Drifta vart gjort opp med eit meirforbruk på kr 257.000. I samsvar med budsjettvedtaket vart det effektuert kr 125.000 frå Kyrkjeleg innsats. I 2009 hadde Bjørgvin store ekstra eingongsutgifter i samband med bispevigsla. I tillegg vart kjøkkenet på bispekontoret bygd om til eit meir funksjonelt rom.

#### **Presteskapet**

Presteskapet fekk ei total tildeling på kr 102.625.000. Vi hadde då fått ei ekstratildeling på kr 497.000 på tampen av året. Likevel vart drifta gjort opp med eit meirforbruk på kr 1.508.000, det utgjør 1,5% av netto tildeling.

Ved inngangen til 2009 var administrasjonen merksam på at 2009 ville by på store utfordringar for å halda budsjettet. Vi beslutta derfor å leggja om strukturen i rekneskapen og innførte blant anna nye kodar for bedre kontroll med variabel løn. Det er også lagt opp rutine for dialog med prostane som er den utøvande part i administrering av prestetenesta. Det er ikkje delegerte budsjettfullmakter på løn, budsjettansvaret ligg fortsatt i leiinga på bispedømekontoret, men prosten får økonomirapporter over lønskostnadane og er i dialog med administrasjonen. Vi er tilfredse med den omlegginga som vart gjort og har ikkje gjort endringar for 2010.

Vi har sett litt nærare på sjukepenge-refusjonen og korleis det fell ut for

presteskaper når det er ei begrensing oppad på refusjon inntil 6G. For 2009 var 1G kr 72.881, det gjev eit årsbeløp på kr 437.000. Dette tilsvarar ca lønstrinn 57 på lønstabellen. Pr 01.01.09 var gjennomsnittsløna for prestar i Bjørgvin l.tr. 59.

### **Oppdragsverksemda**

Rekneskaperen for oppdragsverksemda (kap 0340 post 21) viser ein liten differanse. Dette skuldast interne feilføringar.

### **Trusopplæring**

Total tildeling var på kr 3.431.000. På tampen av året fekk vi tildelt kr 20.000 til prosjekt "Lys vaken". Dette vart ikkje nytta og står som eit mindreforbruk som er søkt overført til 2010. Elles vart beløpet fordelt til prosjekta som har starta trusopplæring, Fana og Nordfjord prosti.

### **Kultur**

Nytt for 2009 var at kyrkja fekk tildelt midlar til kulturmedarbeidar. Bjørgvin fekk tilsett ein medarbeidar, men ho tar først til i stillinga februar 2010. Av tildelinga på kr 450.000 nytta vi kr 80.000. Vi søker overført 5% til 2010, det vil sei kr 22.500.

## **4. 3. Miljøarbeid**

Bispedømekontoret vart i 2009 resertifisert som miljøfyrtårn.

## **4. 4. Bispedømekontoret**

### **Kommunikasjon og samfunnskontakt**

Nettsidene og meldingsbladet Stiftsnytt er saman med fellesutsendingar på e-post er bispedømekontoret sine viktigaste kanalar for massekommunikasjon.

Besøkstala for [www.kyrkja.no/bjorgvin](http://www.kyrkja.no/bjorgvin) er jamt aukande for alle månader samanlikna med i 2008. Særleg høgt (6733) var besøket i samband med kyrkjevalet i september. Nettsidene hadde ved årsskiftet knapt 700 faste abonnentar på nytt frå

nettsidene. Dette er i hovudsak tilsette i kyrkjelydane, soknerådsmedlemer og media. Ledige stillingar og søkjarlister er av dei mest besøkte sidene.

Stiftsnytt nr 1/09 var prega av at Bjørgvin har fått ny biskop. Nr 2/09 hadde dei nye sokneråda som særleg målgruppe og vart distribuert som støttemateriell under Stiftsturneen.

### **Nye kommunikasjonsvegar**

Bispedømekontoret merkar som offentlege instansar stadig høgare forventningar om at saker og henvendelsar skal handsamast raskt.

I tillegg til auka bruk av nettsidene og e-post, har elektroniske støtteprogram for arkivfunksjonane (WebSak 2005) og rekruttering (WebCruiter 2008) vesentleg heve kvaliteten på arbeidet og gjeve effektiviseringsgevinst. I 2009 starta vi førebuing av innføring av elektronisk planlegging av prestetenesta i prostiet.

### **Spesialisert kompetanse**

Gjennom ny lovgjeving, statleg omlegging, dei kyrkjelege reformene og bispedømerådet sine eigne vedtak har bispedømekontoret dei siste 15 åra vorte tilført mange nye oppgåver som fordrar høg spesialisert kompetanse. Slik sett følgjer bispedømekontoret den generelle samfunnsutviklinga med overgang til elektronisk kommunikasjon og ei utvikling der arbeidsmiljøet i stor grad består av medarbeidarar med høg spesialisert fagkompetanse. Dette medfører også utfordringar i form av eit stadig breiare kontrollspenn for leiarane, auka press på dei interne servicefunksjonane på kontoret, og rådgjevarane må i større grad ta ansvar for det administrative knytt til sine arbeidsoppgåver.

### **Arbeidsmiljø**

Bispedømekontoret gjennomfører årlege medarbeidarundersøkingar, og set fokus på ulike tema i tråd med dei funna vi gjer.

Bispedømekontoret har to grunnleggjande verdiar for arbeidet: Vi skal arbeide målretta og samhandlande. Den eine verdien ”set fart og retning”, medan den andre verdien ”reducerer farten” ved å sikre medverknad og forankring. Begge verdiane vert utfordra av at tempoet er høgt og at bispedømekontoret no etterkvart har mange medarbeidarar. Det vert vanskelegare å ha ein samla strategi, når fleire vil mykje. Det er og vanskelegare å samhandle, når vi er mange medarbeidarar.

Eit branntilløp i bygget seint i august sette arbeidsmiljøet på prøve. Eit større reingjerings- og oppryddingsarbeid måtte utførast over natta. Situasjonen viste at medarbeidarane har tett program, og tilsvarende vanskeleg å snu seg over natta. Dei som gjorde ein stor innsats i veka etter brannen merka tapet av arbeidstid utover hausten.

Bispedømerådet har forlenga husleigeavtalen til 2020 for bispedømekontoret i Strandgaten 198 i Bergen.

## IT

Hausten 2009 fullførte Bjørgvin bispedøme innføringa av ESS – Employee Self Service / Elektroniske reiserekningar. Alle fast tilsette registrerer no reiser i ein elektronisk flyt. Dette er ein miljøgevinst og det er ei ordning som oppleves tidsbesparande for administrasjonen. Administrasjonen har lagt ned mykje arbeid i innføringa av ESS i prostia, men vi opplever at vi har fått igjen for den innsatsen. Som gruppe oppleves prestane i Bjørgvin som lærevillige og positive til nye datasystem.

Like før årsskiftet tok leiinga ved bispedømekontoret i bruk MSS – Management Self Service.

For prestetenesta vart det i 2009 beslutta å innføra felles ”prosteverktøy” / databasert program for arbeidsplanlegging for

prestane. Det er inngått avtale med Duplo Data for implementering våren 2010.

## 4.5. Forvaltning knytt til kyrkjer og kyrkjegardar

### I 2009 har biskopen hatt følgjande saker

Ombygging av kyrkjer	8
Bygging nærare kyrkja enn 60 m	4
Godkjenning av orgel	1
Godkjenning av røysterett i anna sokn enn der ein bur	71
Kyrkjetekstil	15
Endringar i interiøret	5
Kunstnarleg utsmykking	2
Benker (flytting/fjerning)	2
Liturgiske møblar	4
Lysglobar	3
Tekniske installasjonar	19
Andre saker	9

Åtte av sakene vedk. tekniske installasjonar gjeld søknad om lynvernanlegg.

### I 2009 har Bispedømerådet hatt følgjande saker:

Løyve til sokn om å få ta opp lån	4
Godkjent sal av kyrkjeleg eigedom	1
Omregulering/ending av kyrkjegardar	14
Bygg på kyrkjegard	3
Kyrkjegardsvedtekter	2
Godkjenning av ferdig kyrkjegard	
Fråsegn til kommunale planar	29
Avslag på søknad om disp. frå forskriftene § 23 om storleik på gravminne.	1
Klagesaker, 8 fekk avslag, ei sak vart trekt av fellesrådet for ny handsaming.	9

Bispedømerådet har levert motsegn i følgjande saker:

- Reguleringsplan for Lønnelund, Frugarden, Stord
- Reguleringsplan for Møllendalsbakken næringspark, Bergen
- Reguleringsplan for bustadar nær Storetveit kyrkje, Bergen. Planane vert ikkje realisert etter motseng frå m.a. bispedømerådet.


Bispedømerådet har bede eit fellesråd om å sjå nærmare på rutinene sine for fjerning av gravminne frå kyrkjegardane

#### **4. 6 Bispedømerådet**

Bjørgvin bispedømeråd har i 2009 hatt 8 møte. Til saman handsama rådet 112 saker.

Bergen, 26. februar 2010

Magne Skjeldal (s)  
Leiar Bjørgvin  
bispedømeråd



Halvor Nordhaug  
biskop



Helge Taranrød  
stiftsdirektør

## Vedlegg

Gjennomført program for biskopen 2009

Nøkkeltal – kyrkjeleg statistikk for bispedømmet

Etatsstatistikk

Program for Pastoralt leiarkurs

## GJENNOMFØRT PROGRAM FOR BISKOPEN I BJØRGVIN 2009

### Prestoordinasjonar

Fridleif Lydersen i Bremanger kyrkje  
5.april  
Atle Roness i Biskopshavn kirke 7.juni  
Arne Braut i Birkeland kirke 16. aug.  
Marianne Støylen Skauge i Manger kyrkje  
23.august  
Bjarte Hove i Meland kyrkje 27.september

### Bispedømerådsmøte:

24. mars  
28. april  
2. juni  
24. august  
29. september  
3. november  
8. desember

### Bispemøte:

27. – 28. januar  
30. mars-2. april  
24.-25. juni  
2.-6. oktober

### Kyrkjemøte:

16.-19. november: Kyrkjemøtet 2009

### Visitat:

22. oktober: Sjømannskyrkjene i Brussel,  
Antwerpen, Rotterdam

### Kyrkjejubilé:

30. mai: Ulvik 150 år  
25.-26. juli: Eidfjord kyrkje 700 år  
22. august: Bakka kyrkje 150 år  
5.-6. sept. Olden gamle kyrkje 250 år og  
Olden nye kyrkje 75 år  
7.-8. november: Nedstryn kirke 150 år

### Prostemøte/kurs

19. - 20. januar: Prostemøte i Bergen  
21. -22. januar: Leiarkurs: Sammen om å  
lede II  
9. mars: Prostemøte i Bergen  
10.-12. mars: Prostekonferanse region vest  
i Kristiansand  
8. juni: Prostemøte i Ulvik

24.-26. august: Prostemøte  
13.-15. oktober: Prostemøte Skei

### Andre arrangement og hendingar:

Ved fungerande biskop Ørnulf A.  
Elseth:  
18. januar: Innsetting av ny prost i  
Hardanger og Voss prosti

- - -

Ved biskop Halvor Nordhaug:  
8. mars: Bispevigsling  
14. mars: Ungdomstinget Dyrkolbotn  
25. mars: Styringssamtale med  
departementet  
25.-26. mars: Pastoralt leiarkurs Skei  
26. mars: Fylkesmannen i Sogn og  
Fjordane  
26. mars: Fylkesordføraren i Sogn og  
Fjordane  
16. april: Møte med Carissimi  
16. april: Møte med Vårt Land  
20. april: Møte med fylkesmann Alsaker  
21. april: Møte med Bergensavisen  
23. april: Konvent Vesthordland  
23. april: Møte med Karl Johann  
Halleraker  
29.-30. april: Stabstur  
Bispedømekontoret  
5. mai: Møte med DagenMagazinet  
6. mai: Konvent Nordhordland  
10. mai: Gudsteneste i Meland kyrkje  
11. mai: Årsmøte i Kronprinsesse  
Märthas kirke i Stockholm  
17. mai: Nynorsk gudsteneste, Bergen  
domkirke  
20. mai: Festspillåpning  
25. mai: Bibelselskapet Oslo,  
representantskapsmøte  
27. mai: Møte med Bergens Tidende  
3. juni: Festspill foredrag Messias  
9.-11. juni: Stiftsmøte i Ulvik  
14. juni: Mitzpa 100 år  
friluftsgudseneste  
20.-21. juni: Kinnaspelet  
17. august: Semesteråpning NLA  
18. august: Semesteråpning  
Haraldsplass

30. august: Prostigudsteneste Sælen kirke  
2. september: Møte med Predikantringen  
2. september: Innviing av nybygg i Strusshamn  
5.-6. september: Olden kyrkje  
7. september: Fagdag for diakoner  
10. september: Temadag om ungdomsarbeidet – Jølster  
15. september: Foredrag seniorforbundet  
18.-19. september: Stiftsturné Sunnhordland  
23. september: Fagdag om ungdom NLA  
24. september: Informasjonskonferanse i regi av Kirkeinfo  
16.-17. oktober: Stiftsturné Nordfjord  
27.-28. oktober: Pastoralt leiarkurs Vesthordland, Nordhordland og Hardanger og Voss  
28.-29. oktober: Pastoralt leiarkurs Midhordland og Sunnhordland  
1. november: Avskjed med domprost Ørnulf Elseth, Domkirken  
5. november: Stiftsturné Fana  
21.-22. november: Stiftsturné Indre Sogn  
24. november: Miljøkonferanse  
28.-29. november: Stiftsturné Ytre Sogn  
2. desember: Stiftsturné Laksevåg  
11. desember: Møte med kyrkjeverjelaget  
12.-13. desember: Klimamøte København  
13. desember: Høymesse Sjømannskirken København  
19. desember: Andakt ved julekrybben, Torgallmenningen  
25. desember: Tv-gudsteneste Åsane kirke



Bjergvin bispedømme - NØKKELTAL 2009 (tala i rad 2 viser til skjema for kyrkjeløg årsstatistikk)

Denne statistikken er samla inn særskilt til årsrapporten. Statistikken er førebels. Offisiell statistikk frå SSB vert offentleg i juni 2010

Prosti	Døypte 3.1	Delt.søn- dagsgudst. 4.A.1b	Delt.andre gudst. 4.A.2b	Delt.gudst.tot 4.A.1a	Søndagsgu dst. 4.A.1a	Andre gudst. 4.A.2a	Nattverdsgu dst. 4.C.1a	Nattverd- deltakarar 4.C.1b	Gudst. tot.	Gj.snitt.gud st.	Gj.snitt.gud hovudgudst	Gj.snitt nattverd	Konf.to t.	Offer tot. 11.1a	Innmelde 2.1	Utmelde 2.2	Vigslar 3.4
Bergen domprosti	350	49173	13580	62763	803	659	24373	1276	49	80	30	159	1319109	31	339	107	
Ama og Asane	499	52361	13623	65984	422	117	203	11064	599	124	55	549	1629992	27	141	79	
Fana	752	73200	26742	99942	491	284	324	21806	775	128	67	856	1863278	25	181	134	
Laksevåg	470	34798	14020	48818	335	139	241	7882	474	103	33	498	795668	15	165	58	
Midthordland	360	36020	4784	40804	335	86	182	6762	421	97	108	37	309	1086418	8	31	76
Vesthordland	660	60660	21517	82177	477	324	387	13413	801	103	127	35	702	1643777	9	116	95
Sunnhordland	668	90710	20931	111641	835	313	484	16938	1148	97	109	35	709	3320371	23	68	155
Hardanger og Voss	411	56016	13334	69350	647	154	314	10685	801	87	87	34	481	1866332	13	51	126
Nordhordland	479	51484	14910	66374	544	198	357	11510	742	89	95	32	448	1686783	7	78	114
Ytre Sogn	141	23858	2944	26802	440	73	227	3708	513	52	54	16	180	663373	16	16	44
Indre Sogn	256	35456	6567	42023	429	65	188	3708	494	85	83	20	309	873388	9	23	59
Sunnfjord	436	59692	12712	72404	574	131	309	9676	705	103	104	31	487	1529679	18	68	96
Nordfjord	384	63840	9848	73688	732	111	310	8626	843	87	87	28	386	1490403	5	30	96
SUM	5866	687248	174512	861760	6878	2654	4329	150141	9532	90	100	35	6072	19560561	204	1297	1239
2009	5866	687248	174512	861760	6878	2654	4329	150141	9532	90	100	35	6072	19560561	204	1297	1239
2008	5873	710889	166219	877108	7027	2702	4287	149917	9729	90	101	35	5801	20534874	110	752	1329
2008-2009	-7	-23641	8293	-15348	-149	-48	42	224	-197	0	-1	0	271	-974313	94	545	-90

## Etatsrapportering 2009

Björgvin bispedømme

NB! Les veiledningen nøye.

1. Prestestillinger:		Årsverk	Stillinger
1.1	Antall opprettede årsverk og stillinger kap. 341	1	1
1.2	Antall avtalte årsverk og stillinger kap. 341	166,7	177
1.2.1	herav kvinner	23	26
1.2.2	Antall prester, av 1.2, i midlertidig tilsetningsforhold	8,8	12
1.2.2.1	herav kvinner	2,5	5
1.2.3	Antall prester, av 1.2, i vikariater	6	7
1.2.3.1	herav kvinner	1,5	2
1.2.4	Antall prester, av 1.2, i fast stilling		163
1.2.4.1	herav kvinner		22
1.2.4.2	Antall domproster, av 1.2.4		1
1.2.4.2.1	herav kvinner		0
1.2.4.3	Antall proster, av 1.2.4		12
1.2.4.3.1	herav kvinner		1
1.2.4.4	Antall sokneprester, av 1.2.4		121
1.2.4.4.1	herav kvinner		18
1.2.4.5	Antall kapellaner, av 1.2.4		9
1.2.4.5.1	herav kvinner		1
1.2.4.6	Antall prostiprester, av 1.2.4		8
1.2.4.6.1	herav kvinner		1
1.2.4.7	Antall seniorprester, av 1.2.4		5
1.2.4.7.1	herav kvinner		0
1.2.4.8	Antall spesialprester, av 1.2.4		7
1.2.4.8.1	herav kvinner		1
1.3	Antall prester i fast stilling i alderen 40 år eller yngre		28
1.3.1	herav kvinner		8
1.3.2	Antall prester i fast stilling i alderen 41-55 år		68
1.3.2.1	herav kvinner		9
1.3.3	Antall prester i fast stilling i alderen 56-61 år		45
1.3.3.1	herav kvinner		4
1.3.4	Antall prester i fast stilling i alderen 62 år eller eldre		21

1.3.4.1	herav kvinner		1
1.4	Antall prester i deltidsstilling, av 1.2.4		10
1.4.1	herav kvinner		0
1.4.2	Antall prester i deltidsstilling i alderen 40 år eller yngre		
1.4.2.1	herav kvinner		
1.4.3	Antall prester i deltidsstilling i alderen 41-55 år		
1.4.3.1	herav kvinner		
1.4.4	Antall prester i deltidsstilling i alderen 56-61 år		
1.4.4.1	herav kvinner		
1.4.5	Antall prester i deltidsstilling med AFP (62 år eller eldre)		
1.4.5.1	herav kvinner		
1.4.6	Antall prester i deltidsstilling i alderen 62 år eller eldre uten AFP		
1.4.6.1	herav kvinner		
<b>2. Tilsetninger:</b>			
2.1	Antall utlyste faste prestestillinger med søknadsfrist i rapporteringsåret		22
2.1.1	herav stillinger som er utlyst flere ganger		2
2.2	Antall søkere til utlyste faste prestestillinger		62
2.2.1	herav kvinner		20
2.2.2	Antall søkere i alderen 40 år eller yngre		25
2.2.2.1	herav kvinner		10
2.2.3	Antall søkere i alderen 41-55 år		26
2.2.3.1	herav kvinner		8
2.2.4	Antall søkere i alderen 56-61 år		6
2.2.4.1	herav kvinner		2
2.2.5	Antall søkere i alderen 62 år eller eldre		5
2.2.5.1	herav kvinner		0
2.3	Antall tilsetninger i faste prestestillinger kap. 341		18
2.3.1	herav kvinner		6
2.3.2	Antall tilsetninger i alderen 40 år eller yngre		5
2.3.2.1	herav kvinner		3
2.3.3	Antall tilsetninger i alderen 41-55 år		9
2.3.3.1	herav kvinner		3
2.3.4	Antall tilsetninger i alderen 56-61 år		3
2.3.4.1	herav kvinner		0
2.3.5	Antall tilsetninger i alderen 62 år eller eldre		1

2.3.5.1	herav kvinner	0
<b>3. Avskjed/fratreden:</b>		
3.1	Antall prester som har fratrudd	12
3.1.1.	herav kvinner	4
3.1.2	Grunnet uførepensjon ( <i>føres i punkt 3.1.8</i> )	
3.1.2.1	herav kvinner	
3.1.3	Grunnet alderspensjon ( <i>over 66 år</i> )	1
3.1.3.1	herav kvinner	0
3.1.4	Grunnet avtalefestet pensjon ( <i>mellom 62 og 66 år</i> )	1
3.1.4.1	herav kvinner	1
3.1.5	Grunnet overgang til annen statlig prestestilling	5
3.1.5.1	herav kvinner	1
3.1.6	Grunnet overgang til ikke-statlig prestestilling eller annen kirkelig stilling	2
3.1.6.1	herav kvinner	0
3.1.7	Grunnet overgang til ikke-kirkelig stilling	1
3.1.7.1	herav kvinner	0
3.1.8	Grunnet annen fratredelsesårsak	2
3.1.8.1	herav kvinner	2
<b>4. Kompetanseutvikling:</b>		
4.1	Totalt antall dager studiepermisjon med lønn blant prester	1052
4.1.1	herav til kvinner	362
4.2	Antall prester som har hatt studiepermisjon med lønn	66
4.2.1	herav kvinner	12
4.2.2	Antall prester som har hatt 3 mnd el. mer i studiepermisjon med lønn	0
4.2.2.1	herav kvinner	0
4.3	Benyttede midler til etter- og videreutdanning av prester, beløp i hele kroner	791.945
4.3.1	Midler benyttet til kurs, reiser, stipend etc. i forbindelse med studieperm	578.793
4.3.2	Utgifter til vikarer	213.152
4.3.3	Eventuelle andre utgifter i forbindelse med etterutdanning/studieperm.	0
4.4	Antall søknader til etterutdanningskurs via REU (arrangert av PF/Komp.rådet)	16
4.4.1	herav kvinner	8
4.4.2	Antall innvilgede søknader	15
4.4.2.1	herav til kvinner	8
4.4.3	Antall avslåtte søknader	1
4.4.3.1	herav til kvinner	0

4.5	Antall deltakere på etterutdanningskurs av min. 5 dagers varighet arrangert av andre enn PF/Kompetanserådet (Beregningsgrunnlaget er punkt 1.2.4)	159
<b>5. Ledelse:</b>		
5.1	Antall prostier i bispedømmet	13
5.1.2	Antall prostier med spesialprester	3
5.2	Antall proster som ikke er sokneprester	11
5.2.1	herav kvinner	1
5.3	Antall prester med prostiet som tjenestedistrikt	146
5.3.1	herav kvinner	20
5.4	Antall prester som har hatt medarbeidersamtale med overordnet	171
5.4.1	Antall proster (inkludert domproster) som har hatt medarbeidersamtale	13
5.4.2	Antall sokneprester som har hatt medarbeidersamtale	111
5.4.3	Antall kapellaner som har hatt medarbeidersamtale	21
5.4.4	Antall andre prester som har hatt medarbeidersamtale	26
5.5	Antall prester med ABV-kompetanse	15
5.5.1	herav kvinner	2
5.6	Antall prester som har deltatt i systematisk ABV-tilbud	39
5.6.1	herav kvinner	6
5.7	Antall prester med plan for uttak av 2 fridager i uken	173
5.7.1	Antall feriedager søkt overført pr. 30.11	332
5.7.2	Antall fridager som ikke er tatt ut pr. 30.11	223
5.8	Antall prester uten plan for uttak av 2 fridager i uken	0
5.8.1	Antall feriedager søkt overført pr. 30.11	0
5.8.2	Antall fridager som ikke er tatt ut pr. 30.11	0
<b>6. Sykefravær og permisjoner:</b>		
6.1	Totalt antall dager sykefravær med lønn blant prester, faste stillinger kap. 341	1310
6.1.1	herav til kvinner	190
6.1.2	Antall fraværsdager med sykemelding	60
6.1.2.1	herav til kvinner	8
6.1.3	Antall fraværsdager med egenmelding	1250
6.1.3.1	herav til kvinner	182
6.2.1	Antall korttidssykemeldinger (t.o.m 16 dager, legemeldt)	35
6.2.1.1	herav til kvinner	5
6.2.2	Antall langtidssykemeldinger (17 dager eller mer)	26
6.2.2.1	herav til kvinner	5
6.3.1	Antall prester som har tatt ut mindre enn 5 egenmeldingsdager	24

6.3.1.1	herav kvinner	6
6.3.2.	Antall prester som har tatt ut mellom 5 og 15 egenmeldingsdager	3
6.3.2.1	herav kvinner	0
6.3.3	Antall prester som har tatt ut mer enn 15 egenmeldingsdager	0
6.3.3.1	herav kvinner	0
6.4	Antall prester som har hatt fødsels-/omsorgspermisjon, årsverk og stilling	7
6.4.1	herav kvinner	2
6.5	Totalt antall dager med fødsels-/omsorgspermisjon	954
6.5.1	herav til kvinner	634
<b>7. Tjenestebolig/boplikt:</b>		
7.1	Antall prestestillinger med boplikt	153
7.1.1	Antall prester som bor i tjenestebolig	124
7.1.1.1	herav prester uten boplikt	3
7.2	Antall prester i egen bolig	29
7.2.1	herav med fritak fra fondsbolig	2
7.2.2	herav med fritak fra kommunal bolig	16
7.2.3	herav fordi bolig ikke følger stillingen el.	11
7.3	Antall søknader om fritak fra boplikt	6
7.3.1	herav innvilgede søknader	6
7.3.2	herav avslåtte søknader	0
7.3.3	herav ubehandlede søknader	0
7.4	Antall presteboliger pr 30.11	139
7.4.1	herav kommunale boliger	83
7.5	Antall presteboliger i bruk pr 30.11	120
7.5.1	herav kommunale boliger	66

**PASTORALT LEIARKURS FOR PRESTANE  
I DOMPROSTIET, ARNA OG ÅSANE PROSTI,  
FANA PROSTI OG LAKSEVÅG PROSTI**



**Stad: Grand Hotel Terminus 18. og 19. mars 2010**

**Påmelding: Obligatorisk kurs**

## **Bakgrunn**

Som ein konsekvens av at dei sentrale sokneprestkursa ikkje lengre vert haldne, vart det våren 2007 bestemt å laga eit leiarkurs for prestar som oppfølging av ny tenesteordning. Biskopen oppnemnde ei styringsgruppe for planlegging av kursa med prostane Reidar A. Knapstad, Geir Sørebo og Svein Arne Theodorsen, samt sokneprest Sven Harald Nilsen frå PF og seksjonsleiar Gunvor Taule Mjanger frå bispedømekontoret. Dette er ein del av kompetanseutviklinga for prestane, og obligatorisk for alle.

## **Målsetjing**

Presterollen har vore, og er i endring. Dette kurset vil ha fokus på presten i relasjon til andre menneske, presten som pastoral leiar der han eller ho ferdast. I følgje Limadokumentet, frå 1996, har utøvinga av embetet ei personleg, ei kollegial og ei fellesskapsmessig side. Vi vil i dette kurset utforska og utfordra kvarandre til å finna ut kva dette betyr i prestane sin kvardag gjennom samtale, føredrag, gudstenesteliv, gruppesamtale, refleksjon og logg. Som eit resultat, ønskjer vi at presten skal verta meir medviten om sin eigen rolle i si samhandling med andre, og tryggare i si ferd blant menneska.

## **Arbeidsmåte**

Samtale, foredrag, gruppearbeid, refleksjon, logg

## **Opplegg**

Presentasjon i eit konvent – ½ dag

Kurs over to dagar, sjå program i denne brosjyra

Administrative rutinar – ein dag

Medarbeidarsamtale med prosten – utviklingssamtale

Oppfølging etter ½ år i eit konvent – ½ dag



## Dag 1:

### Presten som person og i relasjon til medarbeidarar og kyrkjelyd

- 09.00 Frammøte. Frukt.
- 09.15 **Presten som truande.** Oppdrag, rolle og føredøme. Kven er eg?  
Kva gjer eg?  
  
v/ biskop em. Øystein Larsen
- 10.45 Pause
- 11.00 **Presten som medarbeidar** for kollegaer og stab.  
Korleis arbeider eg på lag?  
  
v/ biskop Halvor Nordhaug
- 12.30 Lunsj
- 13.30 **Presten i kyrkjelyden.** Korleis byggje kyrkjelyden i fellesskap?  
Presten som utrustande og motiverande for råd og medlemmer.  
Relasjonskompetanse.  
  
v/ biskop Halvor Nordhaug
- 15.00 Pause
- 15.30 Grupper
- 17.00 Kveldsbøn
- 17.30 Middag

Dag 2:

Presten i samfunnet – i si tid, på sin stad og på sin måte

Meir enn ein modell

08.30 Morgonbøn

09.00 **Presten som aktør i lokalsamfunnet**

v/ sokneprest Harold Holtermann

10.45 Fruktpause

**11.15 Presten i miljøkampen**  
Ein dimensjon i forkynninga?

v/ biskop Halvor Nordhaug og rådgjevar Lars Ove Kvalbein

13.00 Lunsj

14.00 **Presten i dagens media**

v/ journalist Kari Fure

15.45 Evaluering og avslutting

16.00 Slutt